

Gamle dagar i
Samnanger



Årbok 2020
Samnanger historielag



I skulehistoria frå Tysse kan du treffa desse glade elevane som begynte i 1.klasse på den nye skulen i 1962. Du får òg lesa om det mandfaldige livet langs fjorden i åra 1900 – 1940, på sjø og på land.

I 2020 er heile samfunnet påverka av koronapandemien, og i denne årboka finn du både segn og sanning om to tidlegare epidemiar: Svartedauden og Spanskesykja. At sjukdom og krig påverkar folk kan me også sjå i artikkelen om arbeidet på bedehuset 1940 – 1945.



Samnanger historielag

Omslagsbilete:

*Førstesida viser eit fargelagt bilete av
Mons Østvik (f. 1913), teke på Tyssekaaien.*

*På andre sida ser me eit fargelagt bilete av
2. klasse på Tysse skule 1963-64.*

2020

Redaktør: Karin Høysæter Steinsland

Utforming: Knut Ådne H. Røen

Trykt i Steinsdalen av Norheimsund Trykkeri AS

Gamle dagar i
Samnanger
2020

Samnanger historielag

Føreord

Året 2020 vert ståande som det store pandemi-året - med Covid -19 og koronakarantene som nyord. Men epidemiar og pandemiar er ikkje nytt i historien. Svartedauden og Spanskesykja er berre to døme frå historiebøkene om kor djuptgripande innverknad dei hadde på samfunnet. Derfor har me i år teke med segna om Kikedalsbonden, som fortel om då svartedauden kom til nabobygda vår i 1349. Også i Samnanger vart folk merka av Spanskesykja 1918-1919.

I årboka 2020 kan me vidare lesa og læra mangt og mykje om livet på sjøen frå 1900 til 1945, om arbeid på bedehuset under krigen, om skreddaren og om dei 3 skulehusa på Tysse.

Samnanger historielag har 20-årsjubileum i 2020. Laget vart skipa 27.januar 2000. Den fyrste leiaren var Ada L. Haugen. Ho fortel at ho såg behovet for eit historielag då barnebarnet hennar ikkje kunne finna stoff frå Samnanger til ei sær oppgåve. Det var heilt klårt at bygda vår trong eit historielag, noko fleire eldsjeler var einige i. Og føremålsparagrafen er: “Laget har til føremål å fremja interessa for lokalhistorie og kulturvern. Laget skal arbeida for å ta vare på det som har historisk verdi for Samnanger.”

I styret det fyrste året sat Ada Haugen, nestleiar Solveig Tveit Nygaard, kasserar Anna Holmefjord, skrivar Ivar Bård Aadland, redaktør for årboka Svein O. Aadland, varamenn Tor Wold og Olav Brigtsen. Dei andre leiarane har vore Anna Holmefjord 3 år, Ivar Bård Aadland 2 år, Margunn Lønnebakken 3 år og Helge Hisdal i heile 10 år. No i jubileumsåret er det Solvor Aadland som har leiarvervet.

Laget har arbeidd, og arbeider, med mange og ulike tema. Her kan bl.a. nemnast kraftutbygging i Samnanger, skulehistorie, gamle frakteskuter og livet langs fjorden, gamle kjøretøy, innsamling og registrering av foto, Tysse i gamle dagar, rosemåling, og krigshistorie. Kvart år har Historielaget skipa til ulike foredrag for medlemmene og andre interesserte, og det har vore turar til interessante historiske stader i og utanfor bygda.

Interessa for historielaget sitt arbeid har auka. Medlemstalet har stege jamt og trutt, frå 32 det fyrste året til 145 medlemmer i 2020.

Innhald

Rosemåling i Samnanger <i>av Tor Wold og Nils Georg Brekke</i>	s. 4
Livet på sjøen 1900 - 1945 <i>av Tor Wold</i>	
• Ådlandskarane	s. 14
• Slutten på seglskutetida.	s. 21
• Notfiske med landnot	s. 28
• Nygårdskarane med Avance III	s. 31
• Motorpioneren Mons Oldervoll	s. 36
• Nye arbeidsplassar på land	s. 39
• Is til ferskfisk	s. 44
• Båtbyggjarane	s. 46
Arbeidet på Bedehuset under krigen, 1940 - 45 <i>av Svein Hitland</i>	s. 50
Segna om Kikedals-bonden <i>av Ingjald Håland</i>	s. 62
Tysse skule - bygningar, elevar og lærarar <i>av Karin Høysæter Steinsland</i>	s. 70
Enkja Gitte <i>av Karin Høysæter Steinsland</i>	s. 91
Ein kvardagshistorie frå “dei harde trettiåra” på Tysse <i>av Liv Røsseland etter Torolf Solvang</i>	s. 93
Lysingar	s. 94



Rosemåling i Samnanger

Tor Wold og Nils Georg Brekke

«Rosemåling i Samnanger», utstilling i biblioteket og føredrag med Nils Georg Brekke, 10. oktober 2019.

Samnanger har ein lang tradisjon for rosemåling, og den spesielle Osmålinga vart utvikla til sitt høgdepunkt av Ola Lien Midtbø (f. 1832) og Annanias Tveit (f. 1847). Annanias Tveit var son til Nils Tveiterås, f. 1795 i Samnanger, som den gongen var ein del av Os. I Samnanger har vi mange fine eksempel på Osmåla gjenstandar frå denne tida. Derfor inviterte historielaget Nils Georg Brekke, som nok er den som veit mest om Osmålar-tradisjonen, for å gi oss del i kunnskapen sin. Vi oppmoda folk til å ta med seg det dei har av kunstsattar frå Osmålarane. Denne kvelden var biblioteket fullt av folk, og av prakt-gjenstandar frå alle kantar av bygda. Øvst på sida ser vi ein ølbolle av uvanleg dekor og utforming, datert til 1835.

Nils Georg Brekke har velvillig lese og supplert referatet. Historielaget har lagt til bildematerialet.

Vi lar Nils Georg Brekke fortelja:

Like aust for Geilo, der terrenget fell ned mot Hol, ligg garden Hammarsbøen. Fleire gardar i Hallingdal kan vise gammal målartradisjon, i interiøret i husa. Der finn ein viktige delar av bibelhistoria som store måleri på veggjar og tak, inne i tømmerstovene. Også i kyrkjene finn ein liknande motiv. Av gamle kyrkjemotiv er urnemotivet med liljer og roser kjend, Jomfru Maria sine blomar, som i folkekunsten blir eit vernemotiv. Hjorten er også eit motiv som går igjen, mellom anna som eit dåpssymbol i kyrkjekunsten: «Som Hjorten tørster etter friskt vatn, slik tørster også sjela mi etter Den heilage ande.» (Jamfør dei gamle hjortehorna som ligg på loftet i Ådlandskyrkja).

Fram til 1782 var det forbode for folk utanfor byane å vera handverkarar, og å ta seg betalt for finare handverk som gullsmed og målar. Ei rekke av desse handverka hadde lauga i byane monopol på. Då denne lova vart endra, var det fritt fram for flinke bygdehandverkarar som berre hadde arbeidd på heimlassen, å ta seg løna arbeid som omvandrande handverkarar. Det rike sildefisket på Vestlandet skapte store verdiar. Her var det inntekter å henta, så folk frå Hallingdal og seinare frå Telemark trekte vestover for å få arbeid.

I 1782 drog brørne Vebjørn og Svend Hammersbøen, frå garden Hammarsbøen i Hallingdal, over fjellet til Måbø og Eidfjord. Dei ville freista å nytta målararkunsten sin som eit levebrød og kom årvisst til Vestlandet gjennom 1780-åra. Dei kom også til Tveit og Tveiterås i Samnanger, og vart verande der ei stund. Her lærde dei ungdomane å måla. Brørne greidde seg godt, men kring 1790 skilde dei lag. Svend ende opp som jaktteeigar i Stavanger. Vebjørn gifte seg i Loen i Nordfjord, og han måla mykje i desse bygdene. Han var ein av kyrkjemålarane som dekorerte veggjar og tak i Stordalen kyrkje. Der kalla dei han Vebjørn Halling.

Johannes Johannesson Tveiterås d.e. (f. 1763), var omlag 20 år då hallingane budde på garden der han vaks opp. Han lærte seg målararkunsten av Hammarsbøen-brørne, og førte den vidare til dei to sønene sine, Johannes d.y., (f. 1791), og Nils (f. 1793), som begge har laga fine ting.

Johannes reiste i ungdommen mykje over til Trengereid, Haus og Osterøy, medan Nils reiste ikring i Fusa og Os.

Nils Tveiterås gifte seg og flytta til Hegglandsdalen i 1820, der han slo seg ned på garden Midthus. Han kalla seg seinare Nils Midthus. Sonen, Annanias, gjekk i lære hjå faren, og i 1872 kjøpte han garden Tveit, også i Hegglandsdalen, der han sette seg opp ein rosemålarverkstad. Han kalla seg seinare Annanias Tveit. Han hadde mange læregutar i ein 20-års periode.

Annanias Tveit hadde såleis flinke folk før seg. Han var 3. generasjonen av rosemålarar frå Samnanger. Ola Lien frå grannegarden på Lio i Hegglandsdalen, var den første som gjekk i lære hjå Nils (Tveiterås) Midthus, og han vart også ein svært dugande rosemålar. Som målarane i Samnanger ein generasjon tidlegare, reiste Ola og Annanias kringom på gardane. Dei reiste i Os og Fusa i sine unge år, og måla gjenstandar på gardane. Det det var særleg desse to karane som utvikla Os-stilen.



Veggskåpet til venstre er måla av Johannes Johannesson Tveiterås d.e. Vi ser han har finare og meir elegant penselføring og stil, enn sonen, som har laga skåpet til høgre. Dette er merkt Torgils Larsen Frøyland 1827. Brekke meiner at det må vere måla av Johannes Tveiterås d.y.



På denne reisebomma av Johannes Tveiterås d.e, ser vi eit merke som Hammarsbø-karane ofte nytta. Det var likt eit sparesett, med eit svart og eit kvitt blad. Dette merket finn vi att på fleire gjenstandar som var stilt ut. Bomma har vore Peder Knudsen Langeland si.

Ei reisebomme vart brukt til mat og saker dei hadde med seg på kortare turar. Den som har måla henne har lært av Hammarsbø-karane, det ser vi av sparesettet nedst. Nils Georg Brekke slår fast at bomma er måla av Johannes Johannesson Tveiterås d.e.

Brekke utdjupa den symbolske tydinga av ornamentikken. Vi har nemnd jomfru Maria sine liljer og roser, som skulle gje vern mot det vonde. På fleire av gjenstandane finn vi også andre vernemotiv i tillegg til liljer og roser.

Dette knyter rosemålartradisjonen bakover til mønster frå tidlegare tider på treskurd, åklede og hustavler, som skulle ha vernande funksjon. Heilt tilbake i jernalderen omkring år 500 finn vi liknande mønster.

(Sjå også artikkelen i årboka for 2017 om kalhovden eller «heidningestaruren» som skulle gje vern mot fare.)

Skåpa og reisebomma vi har sett, er frå dei to første rosemålarane i Samnanger. Sonesonen til Johannes Tveiterås d.e, heitte altså Annanias, og var fødd i Hegglandsdalen.



Denne kista er måla av Annanias Tveit, som er den første som målte i denne stilen. Han dreiv altså rosemålarverkstad, og tilsette og lærde opp fleire som førte kunsten vidare. Osmålarane let seg inspirera av fine hus i byen, som her på Lysøen, der Annanias hadde i oppdrag å måla villaen for Ole Bull.

Kistene var ofte brurekister, fulle av utstyr som brura hadde med seg inn i ekteskapet. Fleire av kistene har dekorasjonar som viser scenar frå vigselen.



Inni dette loket på ei anne kiste ser vi brura som studerer gifteringen sin, mens han sjølv er i gang med ei flaske og eit glas. Denne kista er måla av Ola Lien Midtbø, ein fargerik folkeliivsskildrar.

Kistene kunne også ha landskapsmåleri, som til dømes på denne kista. Denne er truleg måla på verkstaden til Annanias Tveit.



Då fotoapparatet kom, var det slutt på denne tradisjonen, og den seinare rosemålinga har vore meir stilisert med mønster som rankar, C-roser, lilje- og roseformer. Det som særmerkjer Os-stilen, er dei fargerike blomane ofte på kvit botn, men vi ser at også kister med blå og raud botnfarge er nytta. I Fusa og Hålandsdalen er det mot slutten av 1800-talet fleire målarar som også målar i denne stilen.

I siste delen av 1800-talet og på starten av 1900-talet ser vi eit stort tal masseproduserte kister, frå Osterøy, frå inst i Hardanger og frå Viksdalen i Sunnfjord. Frå inst i Hardanger frakta dei kister til Bergen for sal, somme år opptil 1000 kister i året. Kistene vart leverte ferdig dekorerte, utan namn. I den tida hadde dei ikkje klesskåp. Eit insekt, kalla møll, åt sund ullklede, og om sommaren når møllen sverma og det ikkje var bruk for ullklede, vart dei lagde i kistene med kuler av naftalen, eit kjemisk stoff som lukta sterkt og heldt møllen vekke. Kistene vart nok brukt både som klesskåp og som vern mot møll. Dagens ullklede er frå produsenten verna mot møllangrep.

Kistene vart «strilekister» (frå Osterøy) og «solekister» (frå Hardanger).



Osterøykiste med årstal 1883.

Mange av tilhøyrarane hadde med seg egne gjenstandar som vart synt fram etter foredraget. Nils Georg Brekke har stor kunnskap innan kulturhistorie, og etter foredraget var Brekke til stades under utstillinga, og kunne fortelja mykje om den rike samlinga av gjenstandar som folk hadde med seg. Vi viser eit utval av dei utstilte gjenstandane:



Kiste merka Nils Nilsen Langeland, 1875. Her ser vi igjen former og motiv frå målarverkstaden i Hegglandsdalen.



Denne kista har tilhørt Anna Jensdatter Haug, f. 1843. Gift med Mons Kleppe. Kista er datert 1862, det året dei gifta seg.



Dekorert hylle frå verkstaden i Hegglandsdalen.



Smørbutt til oppbevaring av smør, merkt Barbra Tvedt 1908.



Ølbolle og brennevinskopp, som har vore Knut Knutsson
Langeland sine. Han var fødd 1813.



Matkorg som er merkt:

«Naar Kjøgemesteren Dig har skjenkt, Da er det saaledes tenkt, At jeg skal hænge paa Armen og dingle, Og du skal faa en kringle. Til Andre Ting jeg bruges og. Som ikke her kan settes i Sprog. Ingeborg Jørgens Dotter Lien. Den 15de September 1864.»

Ådlandskarane - dei siste fiskarane med seglskute

av Tor Wold

Dei siste åra har me teke for oss seglskutetida, som for Samnanger starta med dei rike sildefiskeria på starten av 1800-talet, og ebba ut i starten på 1900-talet. I år skal me ta for oss perioden 1900-1945. Men før me gir oss i kast med dette, må me ta for oss Ådlandskarane. Sjølv om dei var dei siste som dreiv fiske på gamlemåten, og fiska nord for Stadt, veit me ganske lite om dei. Eg har samla det vesle eg har funne frå ulike kjelder.

Kristi Grønsdal, gifte seg med Tomas Johannesson Aadland i 1815. Det er ho som har gjeve namn til «Kristitunet» på Ådland. Ho fødte fem born. Dei to yngste gutane, Peder (f. 1829) og Rasmus (f. 1830), var jakteskipperar, og me veit at Rasmus eigde eller hadde part i ei jakt. Peder var nok også medeigar. Som regel var det fleire som åtte ei jakt i lag, minst tre, ofte brør. Så kven hadde dei med seg?

Storebroren, Johannes (f. 1816), var 13 år eldre enn Peder, og hadde teke over garden, så han var det neppe. Då er det meir truleg at tredjemann var den jamgamle sjømannen Tomas Tomasson Aadland, som vaks opp i nabohuset, hos «Olarane». Han var fødd i 1829 og drukna på nordlandsferd 1879. Me veit at Sigrid, storesøstera hans, som var 7 år eldre, vart gift med jakteskipperen Bård Rasmusson Tysse, på Steintveit. (Årboka 2017). Dette er alt me veit om første generasjon av jakteskipperar frå Ådland.

Johannes Aadland, storebroren som tok over garden, dreiv i tillegg som postopnar og dampskipsekspeditør.

Han fekk tre søner, Johan (f. 1863), Tomas (f. 1868) og Johannes (f. 1871). Johan, som var eldste sonen, fekk garden, og overtok som postopnar og dampskipsekspeditør. Han hadde to kaiar, og han åtte klebersteinbrotet i Raunekleiva, der dei tok stein til fleire av steinbygningane i Bergen. Han sette også opp ein tønnefabrikk.



På biletet, som er fargelagt, ser me dampskipet Ulven ved den eine kaien, og ved den andre kaien ligg ei jakt, som kan vera Ådlandsjakta. Bildet er teke i 1889, etter at Johan hadde teke over garden. Jakta er tungt lasta. Me veit jo at det på denne tida vart skipa ut kleberstein frå Ådland. Kan det vera ei klebersteinslast om bord, på veg til Bergen?

Tomas, den yngre broren til Johan, var mellom anna snikkar og notbas. Han slo seg til på Haga og bygde hus der.

Yngstemann, Johannes, skal i følgje Nils Lauvskard ha vore handelsreisande. På denne tida var ein handelsreisande ein som før med båt. Om han var skipper eller salsagent, er ikkje sagt, men med bakgrunnen hans, var han nok helst sjømann. Det spørst om ikkje desse brørne har vore eit notlag, for Haldor Lie (f. 1920) fortalde:

«Det var notlag på Ådland i gamle dagar. Gamlekarane fiska nordpå i perioden frå om lag 1885 til 1910, då var det slutt. Ådlandskarane hadde nøtene sine i stand-by på Ørlandet.

Dei hadde også notaplass på Notahomen. Og det har eg høyr, at det var for å halda nøtene vekk frå rotter og mus. Elles rota dei rundt i nøtene og karva store hol i dei. Ådlandskarane hadde eit naust ved enden av Prestavegen også, som me kallar for Hedlenaustet. Og dei hadde ei sjøbu nedst i Kleppsdalen. Ho er fallen ned no, men grunnmuren ligg der framleis, og dei kallar det framleis for Ådlandsnaustet.

Dette gjorde dei fordi det fraus til inst i fjorden om vinteren. Så dei hadde ordna seg slik at dei hadde hus i Kleppsdalen og der hadde dei nota si, og båtane hadde dei i Hedlenaustet. Slik kom dei seg ut sjølv om det var is.»

Vår tids Tomas Aadland (Tommen) var fødd i 1935, og han fortalde: «Eg hugsar ikkje at besten hadde nokon større båt, men han rodde no litt fiske. Han hadde nøter i Hedlenaustet, og eg hugsar at han dreiv og bøtte på dei. Far fortalde at han ofte var med Besten når han rodde garn. Dei fekk no såpass mykje sild at far fekk avsmak på sild.»

Dette er alt me veit om Ådlandskarane. Med dei var det slutt på den gamle tida, og det kom eit skifte til nyare driftsformer.



Ådlandsnaustet nedst i Kleppsdalen, merkt med pil.

Foto: Wiederøe 1965.

Frå segl til motor. Nye fiskemetodar og frosenfisk.

I år skal me ta for oss perioden 1900 til 1945. På få tiår skjedde det store teknologiske og politiske endringar. Desse må me sjå nærare på, før me igjen konsentrerer oss om Samnanger.

Samnanger si storleikstid som seglskutebygd med rike jakteskipperar ebba ut etter år 1900. (Årbok 2017–2019) I 1904 døydde Mons Kleppe, og i 1909 forliste galeasen Strilen under nye eigarar i Nordsjøen med ei kol-last. I 1926 enda den andre Samnanger-galeasen, Debora, som leker i Porsgrunn.

Frå 1850-talet gjekk engelskmennene og nederlendarane gradvis over til dampskip. Dei dreiv havfiske og hadde store heimemarknadar. Forsøk på å innføra dampskip i dei norske kystfiskeria var mislukka. Fisket var sesongprega, og gav ujamne og usikre inntekter. Dampskip var dyre, og inntektene kunne ikkje forsvare nødvendige låneopptak. Motorisering av den norske fiskeflåten vart først mogeleg då den rimelegare forbrenningsmotoren vart tilgjengeleg tidleg på 1900-tallet.

I Norge var motoriseringa av fiskebåtane så smått i gang før 1914, då 1. verdskrigen braut ut. Dei første petroleumsdrivne motorane var firetaktsmotorar. Dei var store, tunge og upålitelege. Totaktsmotoren var derimot mindre, og i tillegg så liten, lett og prisgunstig, at han passa i båtane, og motorane vart meir driftssikre etter kvart.

På Rubbestadneset konstruerte Haldor Haldorsen allereie i 1903 ein totakts bensinmotor i smia til faren, og la grunnlaget for Wichmann-motoren eller Rubben, som seinare fann vegen inn i svært mange båtar langs kysten. Svenskane var også tidleg ute med motoren «Avance», som fann vegen til Samnanger då fiskaren og jakteskipperen Hans Nygård kjøpte motorbåt, truleg som den første i bygda. I 1920 var motoriseringa av fiskeflåten komen svært langt, og Noreg var det landet som hadde flest motorbåtar i Europa - om lag 15.000, mot Danmark, som var på 2. plass, med om lag 5000.¹

Overgangen frå segl til motor endra svært mykje. «Ein kom no dit ein ville på forholdsvis kort tid», som ein fiskar nøkternt sa. Men det hadde meir å seia enn som så. Alt tungarbeidet med å buksera tunge seglskuter motstraums, og med å trekkja tunge garnlekkjer vart erstatta av motorkraft. Slitet vart mindre, og i perioden etter at fiskeflåten vart motorisert, auka utbytet av fisk kraftig.

I den perioden me snakkar om, gjekk drukningstala blant fiskarane ned til om lag ¼. Dette skuldast fleire ting, blant anna at ein over tid bygde opp redningstenesta, og ein gjekk over frå opne båtar til dekkfartøy, som etter kvart vart utstyrte med motor. Men framleis navigerte ein berre med kart og kompass. Dekkfartøya var oftast tidlegare engelske «smacks» eller kuttarar på 60–70 fot eller større, som vart selde hit fordi engelskmennene gjekk over frå segl til dampmaskiner.²

Mottaksapparatet på land endra seg. Det vart etablert sardinfabrikkar langs heile kysten. Her omkring kjenner me best Bjellands hermetikkk, med Kong Oscar-sardinar. Bjelland hadde fabrikkar over heile Sør-Vestlandet, den næraste for oss var i Eikelandsosen. I 1925 gjekk staten inn og la til rette for jernbanetransport av fisk frå Trondheim, Bergen og Åndalsnes. Dette opna ferskfiskmarknader på Austlandet, i Sverige, og på kontinentet. I 1930 fekk Bergenske Dampskipsselskap opna ein kai i Newcastle med mottak for isa ferskfisk, og med direkte jernbanesamband med London.³

Jaktetrafikken til Lofoten etter klippfisk tok heilt slutt i 1920-åra. Han vart teke gradvis over av større båtar, eigde av kapitalsterke folk. Derimot vart silda desto viktigare for distriktet vårt. Det vart etablert fabrikkar for produksjon av sildeolje og sildemjøl. Det vart også etablert sardinfabrikkar langs kysten. Med desse tok brislingfisket til. Dette var noko heilt nytt.

Tilgangen på fiskeressursar endrar seg heile tida. Fram til 1870 hadde det vore eit stort vårsildfiske på Vestlandet frå Stavanger til Austevoll. Hans Nygård (f. 1859) fortalde at han 12 år gamal var med far sin på «sørafiske» til Røvær utanfor Haugesund. Sildeinnsiget stogga brått i 1870, for seinare å ta seg opp att. Men alt frå 1860-talet fekk dei gode silde-innsig nordpå, frå Helgeland og opp til Finnmark. Me veit at både galeasane «Debora», «Strilen» og minst ei Nygårdsjakt deltok der.⁴ På denne tida brukte ein landnot til å stengja ein sildestim inne i ei vik, eller mot ei strand. (Sjå eigen artikkel).

Haldor Lie (f. 1920) fortalde meg at «Ådlandskarane» hadde nøtene sine på Ørlandet når dei fiska nordpå, så dei skulle sleppa å dra dei heilt heim. Han fortalde at det var gamlekarane som reiste så langt. Ingen i hans tid hadde reist nord for Trøndelag. Frå 1908 tok nemleg sildefisket på strekninga mellom Stadt og Fosen seg opp.

Medan ein tidlegare hadde fiska med landnot, tok ein i perioden 1900–1945 i bruk snurpenota, som gjorde at ein kunne fiska på ope hav. Med ei skøyte til «lossement» eller bustadbåt, og to store notbåtar eller «doryar», hadde ein utstyret ein trong til nota. Ein brukte nok heretter både snurpenot og landnot, litt avhengig av situasjonen.

Også på det juridiske og organisatoriske området skjedde det viktige ting. Kystfisket gjev enorme fangstar i ein kort periode. Marknaden har god betalingsvilje for fersk fisk, men kan berre ta imot ei viss mengde. Overstig tilbodet denne mengda, fell prisen. Overskotet må uansett gå til salting eller produksjon av sildeolje og sildemjøl.

Fiskarane organiserte seg for å regulera mengda sild som vart levert som fersk vare. Slik unngjekk dei at prisen kollapsa når dei store innsiga elles ville overflødd marknaden. Til slutt slo organisasjonane seg saman i Noregs Sildesalslag, og dei oppnådde i 1929 å få lovregulert at all sild som skal eksporterast, må vera kjøpt inn gjennom ein fiskeriorganisasjon.

Dette gav mønster for organiseringa av hermetikkindustrien, brislingfiskarane, og etter kvart også torskefiskarane og klippfiskomsetnaden.⁵ Medan den frie marknadsliberalismen hadde gjeve heilt uføreseielege økonomiske tilhøve, fekk fiskarane og salsledda heretter tryggare og meir stabile inntekter.

Den første verdskrigen (1914–1919) er eit godt døme på kor uføreseieleg den frie, uregulerte marknaden kan vera. Noreg sa seg nøytralt. Fiskeprisane steig først veldig, for seinare å falla, då Europa og marknaden kollapsa i løpet av krigen. For å få selt fisk i byte med korn, måtte Noreg selja til svært låge prisar, og då amerikanarane kom inn i krigen, forlangte dei at Noreg måtte innføra rasjonering. Etter krigen var økonomien i ulage, og kronekursen forandra seg mykje. Dei fleste fiskarane tente ikkje eingong nok til å dekkja utgiftene. Då ein omkring 1930 hadde fått regulert omsetnaden og bygd opp eksportkanalane, tok lønnsemda seg opp.

Det siste og dramatiske kapittelet i denne oversikta kom med 2. verdenskrigen. Tyskarane rekvirerte alle dei norske havgåande fiskebåtane, og brukte dei til minesveiparar og vaktbåtar. Enkelte båtar forsvann med flyktningar til Skottland. Nokre samningar, som hadde båtar som tyskarane kunne ønskja seg, selde dei i tide.

Tyskarane bygde raskt opp fabrikkar for frosenfisk i Trondheim og Bodø, og etter kvart også i Hammerfest. Fabrikkane i Bodø og Hammerfest var bemanna med utanlandske tvangsarbeidarar. Til saman kunne desse fabrikkane frysa ned 250 tonn fiskefilet i døgeret og senda alt til Tyskland. Fiskeriorganisasjonane gjorde her ein nyttig innsats, i forhandlingar med tyskarane. Det gjaldt å sikra at det norske folket fekk sin nødvendige del av fiskefangsten som matfisk.

Etter krigen var det mange båtar som kom nedslitne att til dei opphavlege eigarane, og trong omfattande reparasjonar. To Samnanger-båtar ein hadde byrja å byggja før krigen, vart ståande uferdige på slipp til krigen var over, og vart først leverte då freden var eit faktum. Men dette er tema for årboka 2021.

Me skal i dei neste artiklane sjå nærare på dei som dreiv sjøen i Samnanger i åra frå 1900 til 1945.

¹ Norges fiskeri og kysthistorie bind 3 s.78.

² Norges fiskeri og kysthistorie bind 3 s.61

³ Norges fiskeri og kysthistorie bind 3 s.321

⁴ Årboka 2018 Samnanger historielag s.24

⁵ Norges fiskeri og kysthistorie bind 3 s.225-249.

Slutten på seglskutetida. 1900-1920. Motorbåtane tek over.

Med overgangen frå segl til motor var det slutt på at samningane reiste nordover for å fiska, og for å handla med klippfisk. Me går inn i 1900-talet med ei bygd der svært mange har røynsle frå sildefiske og nordlandstrafikk, med seglskuter. Det var jakter frå mange gardar: Trengereid, Kleppe, Solbjørg, Nygård, Steintveit og Ådland. Alle desse jaktene trong mannskap, og dei fleste var frå gardane langs Samnangerfjorden, frå Os og innover.

Dei som var med på dette, er døde no, men me er så heldige at nokre historier lever vidare. Viss me set puslespelet saman, kan me danna oss eit brukande bilete av denne tida.

Då jaktetrafikken var over, var det slutt på transportoppdrag. Dampskipa tok over fisketransporten nordfrå, og det kom faste båttruter både til Bergen og til Os. Den gongen gjekk det også jernbane frå Os til Bergen. Mange samningar fekk hyre på desse båtane eller i utanriksfart. Fleire tok utdanning og vart skipperar og styrmenn, eller losar.

Jaktetrafikken nordover var heilt slutt i 1920. Ein av dei siste som var med, var Johannes Fagerlid (1901-1966.)¹ Som ung, var han med ei Nygårdsjakt. Dei sigla på Finnmark, der dei kjøpte torsk som dei salta ned og frakta sørover. Dette må ha vore i 1918 eller 1919.

Johannes Fagerlid vaks opp i Fagerlia, som er det første bruket ein kjem til på Utskot. Han var fiskar heile livet. Bror hans, Bernhard, bygde færingar (robåtar), mest på oppdrag frå folk her i bygda. Han bygde seg også ei skøyte, han kalla henne «Gjøken». Truleg brukte dei to brørne skøyta i lag, og dreiv fiske.

Ådlandskarane, som hadde drive fiske nordpå, med jakt, må ha gjeve seg tidleg på 1900-talet, men heldt truleg fram med sildefiske på Vestlandet. Eldstemann, Johan, døydde i 1933, men Tomas levde til 1952, og han dreiv fiske etter at broren døydde. Då den eine notbåten til Ådlandskarane vart seld til Sveio omkring 1960, var det Johannes Fagerli som taua han dit med «Gjøken».

Hans Nygård² (1859-1947) satsa friskt i den nye tida. Då marknaden for jakter vart utkonkurrert om lag 1920, kjøpte han motorbåt i lag med sonen Johannes, og svigersonen Eyvind Johan Berge. Hans Nygård var notbas, og brukte «Avance» først og fremst til fiske. Men Hans var gammal, og etter ei tid tok sønene Johannes og Engel over båten.

Johannes Nygård og broren Engel dreiv i lag med fraktoppdrag i mange år. Ein periode konkurrerte dei regelrett med Midthordlandske dampskipsselskap på ruta mellom Bergen og Samnanger. Avance hadde den føremonen at ho kunne leggja til utan noko stort kaianlegg. Historia om Avance krev sin plass, og har fått sin eigen artikkel, ein annan stad i denne årboka.

Mons Oldervoll (1893-1970) var ein annan motorpioner på Samnangerfjorden. Som fleire av kollegaene hans var far hans med i seglskutetida. Faren var søskenbarn til Mons Kleppe, og han hadde nok vore med i seglskutetida. Til liks med Nygårdkarane har Mons Oldervoll fått sitt eige kapittel.



Motorkutteren «Flid», eigd av brørne Sagen (fargelagt).

Familien Sagen var også tidleg ute. På Saga var det sagbruk frå gammalt, og i 1930 var det posthus og dampskipsstoppestad der, for ruta mellom Os og Samnanger. Her vaks seks gutar og to jenter opp, og alle gutane var nok med på fiske frå dei var små. På Saga slo fire av brørne seg ned. Dette var Engel, Andreas, Kristian og August («Gusten»), og saman kjøpte dei motorkutteren «Flid». Engel, som var eldst, kjøpte seinare ut dei andre, og tok over saga etter faren. Der dreiv han kasse- og tønnefabrikk. Dei andre tre dreiv fiske og fraktfart med «Flid».

I 1927-28 bytte dei ut «Flid» med «Samnanger 1», som var bygd hos Nerhus i Ølve. Dei brukte han som frakteskute. Med denne båten førte dei sild, kassar og tønner. Ofte førte dei også brislingfangstar, som stod i steng i fjordane, til dei mange hermetikkfabrikkane Bjelland hadde i området.



Samnanger 1 i tønnefrakt (fargelagt).

Om lag 1937-38 reiste Andreas Sagen med ein hjelpesmann til England og kjøpte kutteren Challenger, som dei sigla heim og bygde om. Dei endra ikkje namnet på på båten, men etter ombygginga kalla dei han «Skjelanger». Haldor Lie fortalde: *«Eg kan hugsa då dei hadde sigla han heim, at han låg der ved Saga med to master. Dei bygde han om og sette motor i han, og dei sette på han styrehus. Men det var ikkje så lenge dei hadde han. Eg trur det at då krigen kom, så selde dei båten, dei kvitta seg med han.»*



Challenger i England.

Harald Sagen fortel: «Far min, Andreas Sagen, kjøpte Challenger i England og sigla han over derifrå i lag med ein engelskmann og ein kar frå Vedholmen. Far hadde han i lag med brørne sine, August og Kristian. Båten var om lag 70 fot lang, og dei brukte han til føring (fraktoppdrag).»



Skjelanger etter ombygging (fargelagt).

Etter at dei selde «Skjelanger», kjøpte Andreas, Kristian og August endå ein båt. Det var Ramsholm, som vart bygd på Nordtveit i Fusa. Han var ca. 67 bruttotonn og vart levert rett før krigen, men karane selde han straks til ein i Espevær. Rett etter beslagla tyskarane han, og dei brukte han heile krigen.

Før krigen flytte Andreas og Kristian til Sandvika, der dei kjøpte seg tomter. Dei starta kvar sin fabrikk, der dei produserte fiskekassar. August vart buande på Saga med familien, og bygde seg opp sitt eige sagbruk ved sida av storebroren Engel. Dermed sluttar historia om Sagen-karane som reiarlag.

Engel Østvik frå Sloksøy (Liøyna) (f. 1867) var også ein drivande kar. Han og kona, Anna Nordbø (f. 1868), tok til å rydja seg gard i Østvika. Der fekk dei sett opp hus, løe og tre sjøhus. Det største sjøhuset kallar dei framleis nothuset. Det var der dei tørka nøtene. Anna Nordbø var frå det dei kalla Nordbøsjøen inst i Trengereidfjorden, og også der hadde dei notbruk. Engel Østvik fekk seg notbruk og fiskeskøyte med to notbåtar. Dei fiska på sild, brisling og makrell. Skøyta vart seinare bytt i ei ny skøyte, bygd hos Samnanger sin eigen båtbyggjar, Vincians Barmen.

Engel sine to eldste søner tok over notbruket. Den eldste, Andreas (f. 1895), gifte seg med Hilda, søstera til Sagen-brørne, og i 1946 flytte dei til Saga. Andreas eigde notbåten. Broren, Johan (f. 1899), gifte seg til Rolvsvåg. Det var han som eigde skøyta. Nota og utstyret elles hadde dei i lag. Yngstebroren, Mons Østvik (f. 1913), dreiv for seg sjølv, han bygde seg skøyte i fjæra på Østvika. Han fekk hjelp med bygginga frå «Stykkje-Per'n» (Peder Haldorsen Lid), og ein kar frå Ervik. Båten heitte «Laksen». Dette var før det kom veg til Li og Rolvsvåg. På oppdrag frå kommunen transporterte han mjølk for gardane frå Solbjørg til og med Kvernes, og leverte mjølka til meieriet på Tysse. Ruta var slik: Solbjørg, Rolvsvågen, Utskot, Fagerlid, Li, Skarstøkaia, Kvernes til Tysse. I retur hadde han med seg post og varer. I 1958 bytte han «Laksen» ut med ein større båt, «Rapp».



*Mons Østvik på Tyssekaien, med mjølkebåten
«Laksen» bak seg.*



*Rapp, 1960. På dekk: Vigdis Østvik
og Anne Berit Lid*

Eg var så heldig å få treffa den eldste av Østvik-brørne, Andreas, før han døydde, og eg fekk eit lengre intervju med sonen hans, Engel Østvik, i 2000. (Dette vert lagt ut på Samnanger-historielag.no)

Jørgensen-karane på Utskot, og Sandvik-karane starta først rett før krigen. Jørgensen-karane bygde sin første båt, Liodd 1 i 1938, og Sandvik-karane kom rett etter med Sandvik 1 i 1942. Li-karene bygde også sin første båt i 1942. Me omtaler difor Sandvik-, Jørgensen- og Li-karene og båtane deira til neste år, då det skal handla om perioden frå krigen og fram til vår tid.

¹ Intervju med Johannes Fagerlid, f. 1936, son til Johannes Fagerlid, f. 1901, og busett i Rosendal. Intervjuet vert lagt ut på heimesida til Samnanger historielag.

² Årbok for Samnanger historielag 2018, s.22

Notfiske med landnot - ein 100-årig tradisjon til snurpenota kom.

Ved sida av motoriseringa av fiskebåtane, er sildenota det største som skjedde for dei som fiska etter sild.

Alt tidleg på 1800-talet førte store fangstar og god marknadstilgang til at mange kunne investera i dei dyre sildenøtene. Omkring 1850 brukte om lag halvparten av fiskarane not. Fisket kravde stort mannskap, og godt samarbeid. Magnus E. Kvinge har skrive om dette i 1991.¹ Her følgjer eit samandrag.

Før ein fekk motor i båtane, trong eit notlag nokså stort mannskap. Ein brukte tre båtar, notbåt, spelbåt og lettbåt. På lettbåten var "basen" og ein ro-kar. Det var basen sin jobb å finna silda og dirigera kastet. Den viktigaste reiskapen hans til å finna silda var loddet. Det er eit blylodd i enden av ein messingstreng. Ved å ro med loddet ute og messingstrengen på peikefingeren kunne ein god bas bedømme om det var sild, kor mykje og kor djupt silda stod.

I spelbåten var det minst to mann, og i notbåten var det frå fire til seks mann etter kor stor not og båt ein hadde. Når basen bestemte seg for å kasta nota, gav han signal. Nota gjekk over ein rull i gavlen. To mann kasta ut nota, og resten rodde. Det var hardt arbeid å få ut den tunge bomullsnota.

Når kastet var gjort, gjaldt det å få dra endane på nota til lands så snart ein kunne. Dette var tungt arbeid. Når ein seinare fekk motor i båtane, gjorde dette arbeidet mykje lettare, og ein trong færre mann.

Viss silda trua med å rømme før nota var heilt tett, skremde dei henne tilbake med ei "skimle". Det var ei kvitmåla trefjøl med søkke på, festa til et sterkt snøre. Ho hadde fasong som ei makrellstørje, og når ein drog skimla opp og ned i vatnet, greidde ein å snu stimen.

Det høyrde mykje utstyr med til eit notbruk. I tillegg til kastenota, hadde ein med fleire mindre nøter for å setja silda i «steng», mens ein venta på å



Sildesteng med landnot (fargelagt).

få seld fisken. Det var håvar, mykje tauverk, kaggar, dreggar osv. Nøtene og tauverket var av bomull og hamp. For å unngå at det rotna, måtte det tørkast etter bruk. Nøtene vart hengde til tork i nothus, eller enklare ved at dei vart tørka på svaberg, men det var sjeldan det var mogeleg.

Eit notbruk kravde eit utruleg stort vedlikehald. Kvart år skulle båtane gåast etter og tjørebreiast, og nøtene og tauverket skulle barkast. Dette det var ein stor operasjon. Til barking brukte me bjørkebork, tjøre og i seinare tid kateku. Det var et garvestoff som hadde den ulempa at etter at nota var barka og tørka, så måtte ho snarast råd i sjøen igjen, for ikkje å "brenna opp". Borken vart kokt opp i store koparkjellar, og så helt over nøter og tauverk i store barkekar.

Berre den som har vore med på dette, kan forstå kva det har hatt å seia at ein fekk nøter og tauverk av kunstfiber. Reiskapen vart mykje lettare. Han trong ikkje tørking eller barking som den gamle reiskapen – og han var billegare.

Sjølv om ein av og til kunne gjera eit godt varp, så var det ikkje lett-tente pengar å vera brislingfiskar i gamle dagar.»

Neste store framsteg var snurpenota. Idéen vart importert frå Amerika, der ein mykje tidlegare hadde begynt med denne teknikken. Han gjekk ut på å omringa fiskestimen heilt med nota, og så kunne ein snurpa igjen notposen i botnen, slik at fiskestimen ikkje kunne stikka av den vegen. Slik kunne ein fiska med not på open sjø. Alt i 1912 hadde Hordaland 90–100 snurpenøter for brisling. Motoriseringa gjorde denne metoden enklare.

Brislingfiske var ei stor verksemd i fjordane her omkring, ikkje minst i Samnangerfjorden, som var ein god brislingfjord. Svært mange samningar har vore med på sildefiske og brislingfiske her i fjorden, og ein del av dei lever og kan fortelja om det i dag.

¹ 28. juni 2020: Skrive med løyve frå Masfjorden sogelag.

Nygårdskarane med Avance III.

- Si tids trailersjåførar?

Den gamle notbasen og jakteskipperen Hans Nygård var ca. 60 år då han omkring 1920 kjøpte motorskøyta Avance III i lag med sonen Johannes og svigersonen Johan (Lie) Berge. Hans Nygård var fiskar og brukte nok båten som «lossement» (bustadbåt) under sildefisket. Men han måtte snart gje seg for alderen, og då overtok sønene Johannes (1890-1976) og Engel («Engjel») (1901-1991) båten. Dei var ikkje interesserte i å fiska, dei ville driva med «føring» (transport).

I rekneskapsboka deira finn me rekneskap for alle slags føringsoppdrag frå september 1926 og framover. Frå det første halvåret finn me til saman 30 turar i området Etne – Vaksdal.

- 3 turar med sand til ulike mottakarar i Samnanger.
- 2 turar med kol til «Samnanger Uldvarefabrik»¹ og Samnanger meieri på Tysse.
- 50 tonn is frå Stanghelle til Baldersheim meieri. (Dette var før kjøleskapet si tid.)
- 7 turar med tomtønner frå Peder Rosvold, Lars Nymark, brørne Sagen og Nils Røen.
- 3 turar med murstein frå Etne til Haugesund og Bergen.
- 4 sildetransportar til Bergen.
- Dynamitt til veganlegget ved Kalven.
- Skifer til Stanghelle
- 3 turar med trelast frå H. Namtvedt til Hardanger.
- Materialar frå Bergen til Abotnes og Brita Stue.

Men dei transporterte folk òg:

- Tur til Os med folk – Songarstemne
- Gravferdstur med Even J. Trengereid
- Til asylet på Valen med namngjeven pasient.

Slik held det fram år etter år, dei hadde nok å gjera. Johannes og Engel var fargerike personar, og det går mange historier etter dei. Dei hadde lenge transporten av stein frå klebersteinbrotet i Trengereidfjorden til Bergen, – stein som bl. a. skulle til Nidarosdomen². Folk som kjende dei, fortel at skuta skulle vera fullt lasta. Dei lasta så dekket var nesten i plan med sjøen. Dei var svært nøye på å stempla steinen fast i botnen av skuta, så han ikkje skulle forskyva seg. Med slik last kunne det lett ha ført til havari. Men det gjekk alltid godt.

Johannes hadde for vane å slutta setningane med – du.

Ein gong med' dei lossa ved SAFA, datt Engel på sjøen. Johannes heldt fram uforstyrtra med lossinga då folk gjorde han merksam på det: *«Ta da med ro, du – han fidn nok veien heim sjøl, du.»*

Sonen til Engel, Odd Nygård, bur i Holmestrand. Odd vaks opp på Nygård, og han fortel:

«Hans Nygård kjøpte Avance III frå Bohuslän ca. 1920. Den hadde fyrst ein liten svensk motor (20 hk?) av merket Avance, derav namnet. Motoren vart seinare bytt ut med ein 30 hk "Rubb", også ein to-takt semidiesel. Den var frå Wichmann motorfabrikk på Rubbestadneset på Bømlo.

Far og onkel Johannes forlenga seinare skøyta frå 40 til 52 fot og sette inn ein 40 hk "Rubb". (Onkel Johannes vart av nesten alle kalla "Onkelen"). (Haldor Lie fortalte: "Dei drog Avance i land på Gaupholm, på ein plass som heiter Ekreid, der vart ho ombygd og fekk den skabelonen som eg hugsar. Dette var før mi tid.")

Under krigen gjekk dei i rute mellom Tysse og Bergen. Dei frakta då alle slags varer til og frå byen, samstundes som dei hjelpte folk med litt småhandel i Bergen. Far hadde god hukommelse, men ein gong glapp det for han då han gløymde å kjøpa ein ting til ei kone frå Frøland. "Da va no 'kje større tingen, so detta kunne du no ha huska på!" sa ho.

Far lo ofte av dette. Han var ein humoristisk mann – eg hugsar godt at vi hadde med ein gut, 10-12 år, på tur til Tysnes for å henta tømmer. Han var heile tida grav alvorleg, og fars kommentar til meg var: "Han tar livet alvorligt!"

Etter krigen hadde dei mesteparten av årsinntekta i tida frå januar til midten av mars, under vintersildfisket. Dei frakta is, kasser, tønner og salt nordover til Florø og Måløy, og saltsild sør att, pluss sild i kasser med is til Tvedt Sildexport i Marikoven på Askøy, der silda vart salta i tønner og eksportert til Russland. På denne tida jobba dei nok ikkje etter arbeidsmiljølova av i dag – far fortalde at ein vinter hadde han ikkje vore ute av oljebuksa på tre veker!

Resten av året var det ymse frakt av alt som trongst til emballasje av fisk. Frå Tysnes: Tømmer og "kubb" til sagbruka i Samnanger, derifrå tønnestav til "Boga" (Bogevik i Fusa), fiskekassar frå Samnanger til Bergen, tilbake igjen galvaniserte jarnband til tønnene på Boga. Det var store laster med tønner frå Boga til sjøbuene i Sandviken eller til store russiske frakteskip i Bergen.

Avance kunne lasta 1048 tønner. Det fekk dei til med fullt lasterom under dekk og ein kjempehøg stabel over dekket. Dei brukte høge støtter (4"x4") som vart fest til rekkestøttene vha. sterke klammer. På innsida vart spikra 1"x4" bord, og framme på baugen la dei eit profilert jarn, like langt som skøyta var brei, og med jarn bakover. Slik fekk dei utvida lastekapasiteten til 1048 tønner. Fleire tønner = fleire kroner! Men fordi høgda på lasta var til styrehustaket, såg ein ikkje framover frå styrehuset. Løysinga var to tau frå rattet til eit platå av tønner på styrbord side. Derifrå hadde ein utsikt framover og kunne "styra med tamp".

Til vanleg gjekk dette fint, men skrekken var store bølger, spesielt frå englandsbåten Leda. Den gjekk styggfort og laga mykje sjø, altså store bølger. Onkel Johannes kledde seg i oljehyre og gjekk fram til masta, der han la armane i kors og heldt fast på tau frå to taljer som var festa til to av dei høgerekkestøttene. Når då Ledakom, sakkafarpå og styrderett mot bølgen, så sjøsprøyten stod over onkelen. Men onkelen var sterk og heldt fast taua, slik at støttene heldt seg innabords og ikkje tønnefarmen hamna på havet. Etterpå: kurs mot Bergen og full fart!

I byte for silda som vart seld til Russland etter krigen, fekk nordmenn kjøpa russiske bilar (Moskwitch, Volga, Pobeda av ymse kvalitet). Europeiske og amerikanske bilar måtte ein ha kjøpeløyve for. Ca. 1960 vart ordninga med kjøpeløyve oppheva, og då starta ein ny æra i norsk bilhistorie.

Vintersildfisket var svært viktig for heile kyst-Noreg, og det vart fiska opp store rikdomar heilt fram til ca. 1956. Då vart det brått slutt, kanskje på grunn av overfiske.

Fiskeri har vore Nygårdsfolket sitt levebrød i alle år, og dette har halde fram med Hans og Erling. Spesielt Erling som har tent mykje pengar på havfiske, i samarbeid med Alf Møgster frå Austevoll, og i dei seinare år også på oppdrett av laks.

Johs 'n (Johannes Nygård junior) og eg valde skulevegen, så vi tente aldri pengar slik som fiskarane, men likevel: Den fyrste bilen på Nygård var bilen til Johs 'n, ny Volvo Amazon Sport 1961, B16 85 hk. I 1962 kjøpte Hans sin Volvo PV B18 75 hk. Eg køyrde mykje med desse bilane, noko som gjorde meg til ein edrueleg ungdom, for bileigarane skulle på fest og trong sjåfør! Og eg fekk låna bil med gratis bensin. Dei var snille med meg! (Og eg hadde nytte av bil til litt av kvart ...)»



Avance på veg ut frå Utskot for å bryta råk til Rolvsvågen.

Nygårdskarane var sjeldan i beit. Vinteren 1969 fraus fjorden heilt ut til Hovdasundet, og mjølkebåten Rapp kom ikkje fram. Då gjorde dei Avance om til isbrytar. Båten var av eik, men med metallhud baksa dei seg fram og laga råk frå Utskot til Rolvsvågen. Til slutt måtte dei gje seg, så resten av vinteren gjekk mjølketransporten på kjelke.

Solveig Nygård fortel om svigerfaren: *«Han heldt på til han var 70, då braut han foten nedi bakkane her, i slike fæle trekloggar med høge skaft. Dei fekk nesten ikkje av han denne fæle skoene. Dette fortalte han om resten av livet. Og sønene erta han: «Ka?? Har du brøte av foten no igjen?» – Det var `kje noke medlidenheit der, må du tru.»*



*Støvlane til Hans Nygård.
Dei vog 2 kg kvar!*

¹ Årbok 2001 og 2002.

² Årbok 2000...

Motorpioneren Mons Oldervoll

Nesten alle samningar som levde av sjøen i første halvdel av 1900-talet, hadde ein far som tok del i jaktetrafikken på 1800-talet. Slik var det også med Mons Oldervoll.

Far hans, Ingjald Johannesson Kleppe (f. 1850) vaks opp på Kleppe, der dei mykje eldre søskenborna hans, Mons og Knut Kleppe, dreiv som fiskarar og jakteskipperar. Dei bygde seg opp som eit reiarlag og vart rike. Mons og Knut var brør, og Ingjald var nok til tider mannskap hos dei. Ingjald kjøpte etter ei tid bruket Oldervoll, som var ein plass under Lid. Seinare kalla han seg Lid eller Oldervoll. Han og kona fekk 11 barn. Eldstemann, Johannes (f. 1881), tok namnet Oldervoll. Han gifta seg til Lauvskard, og er forfar til alle her i bygda, som bærer Oldervollnamnet i dag.

Den yngre broren, Mons Oldervoll (1893-1970), tok over etter faren på Oldervollen. Han vart ein av motorbåtpionerane i Samnanger.



Mons Oldervoll

Haldor Lie (f. 1920) hugsa Mons godt, og han fortalde:

«Om lag 1925 forliste Mons Oldervoll rett ut for Utskot med Bella. Bella var ei gammal jakt, som han hadde sett motor i. Han rende på eit isflak då han var på veg ut fjorden. Fordi sola sto rett imot, såg han ikkje isflaket.»

Kjell Jørgensen på Utskot legg seinare til: *«Bello ligg på flua her nede. Han rende på isflaket, og så styrte han kanskje mot land for å prøva å berga skuta. Han forliste på flua utfor Utskot. Som gutungar måtte me ikkje komma for langt inn når me fiska, for då sette me fast i Bello.»*

Haldor Lie fortel vidare: *«Mons kom raskt i gang igjen med ny skute, som han fekk bygd hos ein skipsbyggjar i Fanafjorden i 1928. Det var ein sjark på 31 fot med 9 HK STABIL motor, som han kalla «Fisken». Han bygde båten om ved snikkarverkstaden til Lars Bakke i Sandvika. Han innreia «Fisken» som «agentbåt», og så for han land og strand rundt med handelsreisande eller «agentar». Det var fleire slike båtar. Dei reiste omkring for magasina i Bergen, og selde varer til butikkar i bygdene. Berre varehuset Sundt i Bergen hadde to agentbåtar.*

Mons treivst ikkje så godt med denne trafikken. Han var fiskar, og det var det han helst ville driva med. Han selde agentbåten om lag 1933, og fekk seg ei litt eldre skøyte. Denne tok han opp på stranda i Skutevika. Han brukte berre sjølve skroget, og sette nytt dekk og hus på det. Mons gjorde alt sjølv. Han tok skøyta til Rubbestadneset og fekk ny motor i henne. Denne båten heitte «Von», og han hadde han fram til 1942. Då bytte han båten ut med ein ny, som han fekk bygd ved Nordtveitgrend båtbyggjeri i Fusa. Denne kalla han «Fisken». Mons fiska og dreiv litt småfrakt. Då me var skulegutar, var me ofte med han. Me likte det, og det vart nokre kroner av det. Mons Oldervoll bygde også det store sjøhuset på Oldervoll, det står der enno.»

Mons og kona, Magdela, hadde 2 jenter og 4 gutar. Tre av gutane overtok etter faren. Skuta Von, som han fekk bygd under krigen, var i 1952 registrert på sonen Einar Oldervoll. I 1945 kjøpte Mons skuta Gaupholm, også den frå Nordtveit, men dette er stoff for årboka til neste år.

Mons Oldervoll var aktiv til det siste. Han hadde ansvaret for fyrlykta som ligg rett innom Oldervoll. 77 år gammal vart han funnen død ved fyrlykta, der han hadde vore på tilsyn.



Oldervoll i juni 1962. Mons vaks opp i det raude huset til venstre, og bygde seinare sjøhuset og det kvite huset bakom. Skulen på Li ligg oppe til høgre. Foto: Wiederøe.



På Haga hadde Nils Røen stor verksemd med butikk på kaien og dampskipsstopp. I tillegg dreiv han fiskeoppkjøp.

Fisket gav mange nye arbeidsplassar på land

Fisket hadde ringverknader som gav ei viktig tilleggsinntekt for svært mange. Dei fleste dreiv «mangesysleri» – dei hadde ikkje berre éin jobb, men sysla med ulike ting gjennom året.

Alt med dei første sildefiskeria tidleg på 1800-talet, fekk mange inntekt med å laga tønner til saltsild. Omkring 1920 opna NSB fiskefrakt med tog til Austlandet og Sverige. Om lag samtidig vart det mogeleg å senda ferskfisk til Newcastle og London med båt og jernbane. Då oppstod det ein enorm trong for fiskekassar og is til kjøling.

Færingar, notbåtar og skøyter skulle byggjast og haldast ved like, og det var folk som kjøpte opp fisken og selde han vidare.

Ein del sild til eksport vart salta i tønner her i Samnanger, sjølv om det meste vart levert til mottak ved kysten, og i byane. Brisling og sild skulle «førast» med båt til fabrikkar og fiskemottak. Alt dette skapte arbeid til mange som ikkje sjølve dreiv fiske.

Mange har late seg intervju, og gjev sine bidrag til historia om alt som hende. Her vil eg prøva å systematisera det, og gje døme. Det er ikkje plass til alt, så eg har gjort nokre utdrag, for å freista å visa korleis det kan ha vore.

Fiskehandlarar: På Haga hadde Nils Røen (1878–1946) stor verksemd med butikk på kaien og dampskipsstopp. Biletet i starten viser Haga med den raude butikken og det gule sjøhuset hans. I tillegg dreiv han fiskeoppkjøp i samarbeid med svogeren sin, Edvard Tveit frå Holmefjord. «Silda-Tveiten» var ein periode Norges største sildeeksportør. Føretaket hans, Tvedt sildeeksport, låg i Bergen. Han hadde eit stort kontaktnett og samarbeidde med folk i heile regionen. Borghild Lien (f. 1917) vaks opp som nr. 8 av 12 søsken på kaien på Haga. Ho fortalde at det var mora, Bertine Røen, og dei mindre borna, som for det meste dreiv butikken. Dei eldre gutane var med faren, Nils Røen, i skøyta hans. Dei reiste rundt i distriktet og handla inn fisk for Silda-Tveiten.

Tønne- og kassefabrikkar: Johan Aadland (1863-1933) hadde mellom anna tønnefabrikk på Ådland. Han leverte tønner, men han tok òg inn sild og salta i egne tønner. Den yngre naboguten, Hans Aadland, hugsar at det vart måla MOSKVA på tønnene.

Tønnefabrikken til Johan Aadland låg like ved vegen der ein byrjar på Ådlandslane opp mot Storkleiva. Han hadde vasskraft, med turbinhjul og reimdrift til maskinene. Under krigen beslagla tyskarane fabrikk og brukte han til stall. Då brann fabrikk ned, med eit uhell. Me har berre eitt bilete, der berre det eine hjørnet viser. Men turbinhjulet er teke vare på.

Hans Aadland (f. 1908) var onkelen til Ivar Bård Aadland. I si tid fortalde han Ivar'n om streiken, som han fekk i gang då han var elleve år. Dette var på den tida då frontane kunne stå hardt mot kvarandre i arbeidslivet, og elleve-åringen hadde nok høyrte om streiken i fabrikk på Tysse i 1919. Hans Aadland og kameratane hans hadde arbeid hos Johan. Jobben var å setja saman plankar til lok på tønnene.

Johan la press på gutane for å få dei til å jobba, for han hadde ein leveranse som det hasta med. («Barnearbeid» var det ingen som hadde høyrte om den gongen.) Hans Aadland og venene nekta å løfta ein finger, før løna gjekk opp frå eitt øre til to øre for kvart lok. Og Johan måtte gje seg! Seinare gjekk visst løna tilbake til eitt øre.



Hans Nymark visar fram eit ferdig tønnelok.

Det var mange som laga tønnestav. Noko vart selt til fabrikkane på Boga. Men det var også mange som produserte ferdige tønner. Det var i alle fall tønnefabrikkar på Saga, Kvernes, Ådland, Reistad og i Barmen.



Norvald Reistad sine handverktøy til tønneproduksjon, som far hans brukte i tønnefabrikken ved sjøen.

Tønneproduksjon var ein kunst. Først var det handarbeid, seinare kom maskiner i bruk. På Bogøy er det framleis tønneproduksjon, og eit museum som viser korleis det heile føregjekk.

Å snikra kassar var enklare. Ein trong sag, tømmer og lokale. Truleg laga alle tønneprodusentane òg kassar når det på 1900-talet vart trong for dette. Men i tillegg var det fleire andre kasseprodusentar, m.a. tre i Sandvika.

På Saga produserte dei i tillegg is til ferskfisken som skulle leverast i kassane.

Tønnefabrikken på Nymark var enno delvis intakt i 2013. Hans Nymark (f. 1921) hadde vore med og laga tønner i fabrikken til faren og bestefaren.



Tønnefabrikk og snikkarverkstad, Nymark. (Foto: 2013)



*Demninga som leverte
vatn til turbinen.*



*Reimene overførte
krafta frå vass turbinen.*



*Reimdriven dreiebenk
for tønne lok.
I bakgrunnen gammalt
turbinhjul.*

Is til ferskfisk

Sagavatnet hadde ideell plassering for sagbruk i tidlegare tider. Truleg var det sagbruk her alt i skottetida på 1600-talet¹. I dag leverer Sagavatnet ferskvatn til setjefiskanlegget på Saga, men i første halvdel av 1900-talet var det stor verksemd her med isproduksjon.

Frå om lag 1920 vart det etterspørsel etter is til ferskfisk. Engel Sagen (f. 1893), og etter kvart svigersonen hans, Karl Bøgevik (f. 1924), leverte store mengder is til fiskegrossistane i Bergen. Under vintersildfisket var aktiviteten på topp, og mange mann var i arbeid på Saga.

Ein av desse var Engel Østvik (f. 1923). Han voks opp på Saga, og opplevde heile perioden frå slutten på jaktetida, før motoriseringa av fiskeflåten, og heilt fram til vår tid.² Han fortalde at han på 1930-talet var med på å skjera og lagra is, og transportera han til Bergen, der dei leverte til fiskegrossistar, som Martinussen og Tveiten. Også Lerøy var blant kjøparane.

Sagavatnet ligg 9 moh., like ved sjøen. Vatnet er om lag 180 mål stort, og frå austsida av Gullfjellet har det rikt tilsig av vatn heile året, med eit «nedslagsfelt» på rundt rekna 10 km².

Med store handsager, nesten 2 m lange, skar dei om vinteren ut store isblokker, som dei frakta med slede til ei renne der dei sende blokkene ned til eit skur nærare sjøen. Mykje av isen vart levert straks, men dei lagra òg is, som dei isolerte med sagflis, for levering til sommaren.

Under vintersildfisket leverte dei oppkverna is til fiskegrossistane. Denne laga dei ved hjelp av ei dieselmaskin og ei iskvern. Det kom store skuter, med lekterar på 40-50 fot. Både skutene og lekterane vart fylte med is. I sesongen jobba dei dag og natt for å møte etterspørselen.

Den eldste dottera til Engel Sagen, Henny Bøgevik (f. 1933) fortel at ho hugsar renna der dei tunge isblokkene kom farande ned til islageret. Ho og dei to søstrene hennar hadde streng beskjed om å passa seg. Også den yngste søstera, Evelyn (f. 1938), hugsar denne renna, så isproduksjonen må ha gått føre seg også under krigen.

¹ Nils Lauvskard, Samnangerssoga bind 1, s. 188

² Eit lengre intervju med Engel Østvik vert lagt ut på samnanger-historielag.no



1965: Sagavatnet i bakgrunnen, fjorden fremst.



Isskjering.
Foto frå
Drammens-
kalender.

«Flid». Båten
tilhørde Sagen-
brørne frå ca.
1925–1928. Dei
brukte han bl. a.
som slepebåt for
isfrakt til Bergen.



Båtbyggjarane

I Sandvika bygde Haldor Sandvik (f. 1873) robåtar, eller færingar (oselvarar). Han heldt til i ei lita sjøbu ved sida av sjøhuset, som me no kan sjå i Sandvika. Han hadde også maskineri for å laga trespon av osp. Sponen vart brukt til isolasjon, og til innpakking av «knusetøy».

Haldor Sandvik hadde ein «etterfølgjar», Bernhard Fagerli (f. 1909), på Utskot. Sonen til Haldor, Peder Sandvik (f. 1912), tok igjen til å byggja færingar så seint som om lag 1970. Fram til plastbåtane kom på 1960-tallet, hadde så godt som alle familiar som budde nær sjøen, sin færing, og dei fleste var nok bygde i Samnanger.

Men også større båtar vart til i bygda. Vincians Barmen (1893–1978) var utdanna båtbyggjar.



Vincians Barmen på sine eldre dagar.



Vincians Barmen sin båtverkstad i Barmen (foto 2017).

Han gjekk i lære hos Styrk Vincent, ein båtbyggjar frå Os, som ein periode bygde båt på Gaupholm. Då han flytte verksemda til Hornnes i Fana, følgde Vincians Barmen med.

Han var ferdig utdanna i 1918, 25 år gammal var han «meister». Dottera, Hjørdis Gaupholm, fortalte om faren:

Han bygde mange båtar i Barmen, store og små. Han lagde fiskeskøyter opp i 40–50 fot. Materialar til spant og bordkledning vart hogde i marka på Gaupholm. Tømmeret vart skore til materialar i Barmen, på Nymark-saga. Transporten var grei – han slepte materialane sjøvegen med færing. Dei store båtane bygde han i fjæra ved sida av sjøhuset sitt. Dei sto i ei slags renne med stillas på sidene.

Den første båten dottera kan hugsa at han bygde, var «Brødrene», som han bygde for brørne Østvik i 1933–34. Ein av dei, Engel Østvik 1909–1940, var sjølv med og bygde.



«Brødrene» om lag 1955. I styrehuset Johan Østvik. På dekk sønene hans, Anfin, Andreas og Einar.

Båtbyggjeriet hadde over tid fleire tilsette, Bernhard Fagerli var tilsett då «Brødrene» vart bygd. Også Anders Barmen, bror til Vincians, var med.

Hjørdis gifte seg og flytte vekk, men ho veit at faren bygde mange fleire båtar. Han tok også båtar til reparasjon. Ho hugsar godt ei lita fiskeskøyte frå Karmøy, som han reparerte i 1943. Ho hadde gått på land og fått eit stort hol i sida. Dei kom tauande med henne med nokre oljefat som båten flaut på. Dei fekk båten på land, og han sette inn nye spant og laga ny båtside. Den største båten han bygde var visstnok «Havglimt» på 45 fot, som han bygde for Anders Borgevik i 1950.

Men også båtbyggjaren i Samnanger hadde fleire yrke. Det var vel ikkje nok oppdrag til å leva berre av båtbygging. Og han kunne mykje anna. Han var forskalingssnikkar og jarnbindar, og han var mykje på anlegg. Han var med på å byggja alle bruene oppover Tysseelva. Han var også på Dale og på Hamlagrø, då dei bygde kraftverk der. Om sommaren var han båtbyggjar, og vinterstid var han anleggsarbeidar.

Omkring 1960 begynte han å byggja lystbåtar. Han bygde for Martin Nilsen, og Hjørdis fortel at Vincians vart forbistra på Ester, kona til Martin. Ho fór med ein støvsugar og ville halda det reint i båten under bygginga. – Og så forsvann det gjerne ein skrue eller noko han hadde bruk for, når ho støvsuga!



Hermann Røsseland fekk seg også lystbåt i Barmen. Fasongen var moderne. Harald Røsseland, som heng bak båten, fortel at dei kalla båten for «Strykejadnet».

Arbeidet på bedehuset under krigen, 1940-45

Svein Hitland

Samnanger var tidleg ute med å organisere indremisjonsarbeid. Noko av bakgrunnen var møteverksemda som Bergen Indremisjon hadde hatt her inne. Samnanger Indremisjon vart skipa 14. april 1867 på Ådland. Det var då ein indremisjon som omfatta heile kommunen. 49 medlemmer melde seg inn med det same. Før året var omme hadde det kome fleire til.

Då indremisjonen skulle bygge forsamlingshus var det naturleg å legge huset til Tysse, sentrum i bygda. Her var det busett flest folk og her lot det seg gjere å få tomt. Tomta var ei gåve. Huset vart vigsla i 1903 og var for si tid eit stort og flott bedehus. Huset vart seinare vigsla til kyrkjeleg bruk og fekk klokketårn. Frå 1903 og til i dag har arbeidet vore drive samanhengande på dette bedehuset.

Andre verdskrig kom til landet vårt i 1940 og fekk mykje å seie på nesten alle område. Men kva følgjer fekk det for arbeidet på bedehuset?

Artikkelen bygger på dei skriftlege kjeldene me har. Frå denne perioden finst det styreprotokoll med årsmeldingar. I foreininga på bedehuset er det og ei kassabok som gjev eit utfyllande bilete av verksemda. Under krigen var det heile tida ei aktiv ungdomsforeining. Ei foreining med eige styre og eigen protokoll. I tillegg har eg og snakka fleire gonger med Johs. L. Tysse som var ein av flokken på bedehuset på denne tida. Han har kome med utfyllande opplysningar om fleire av forholda som det er skrive om her.

Før krigen var den viktigaste delen av arbeidet dei omreisande forkynnarane som kvart år kom og forkynnte Guds Ord. I tillegg hadde Indremisjonen nokre faste tilstellingar. Det var Eikedalsmøtet, konfirmantfesten, haustbasaren, juletreffesten og 17. mai-festen.

Andre lag og organisasjonar brukte og huset til sine tilstellingar. Men kva så då krigen kom? Fekk dette arbeidet halda fram når landet vart okkupert? Når me veit at det fekk store følgjer for kyrkja, kva då med det frie arbeidet på bedehuset? Vart det lagd band på det? Svaret finn me i protokollane. Denne artikkelen vil prøve å seie litt om det. I utgangspunktet vil eg ramme det inn med sitat frå årsmeldinga til indremisjonen for 1939 - 40. Etter å ha fortalt om arbeidet dette året står det: "En del bønнемøter har vært holdt i vinterens løp, og så kom krigen over oss, og som satte forstyrrelser i alle ting." Kva verknad fekk dette for åra som kom?

Tyskarane tek seg til rette

Då tyskarane kom i 1940 viste det seg fort at dei tok seg til rette. Slik var det alle krigsåra. Kommunen, indremisjonen og private fekk alle merke det. Ganske fort tok tyskarane skulen på Tysse til kasserne. Skulen var då like oppom bedehuset. I første omgang vart bedehuset teken til skulehus. Ei mellombels løysing før elevane vart flytta til Steinsland. (Varde om lag to veker.)

Då leiren på Tyssereinane var ferdig fekk kommunen skulen igjen og det vart undervisning der att. Litt seinare tok tyskarane seg til rette på bedehuset. Dei hadde katolsk messe der. Ein tysk geistleg, ein offiser kom og leia messa. Då stod elevane på skuleplassen og såg soldatane i uniform som kom og var med. Huset var vigsla til kyrkjeleg bruk. Tyskarane spurde ikkje om lov, dei betalte inga husleige og ingen sa noko. Kva kunne dei seie?

Tyskarane var oppfordra til å flagge på Hitler sin fødselsdag (20. april). Men i 1941 før leiren deira ver ferdig hadde dei ikkje noko flaggstong. På skulen på Tysse var det heller inga stong. Dei flagga like vel. Dei heiste hakekorsflagget på stonga til søstrene Abotnes som budde like over vegen. Sitt eige flagg måtte dei gøyme vekk. Men dei måtte godta hakekorsflagget på stonga si. Det var ingen ting dei kunne gjere. Det var makta som rådde.

Møteverksemda

Årsmeldingane til Indremisjonen gir eit godt bilete av arbeidet. Det vanlege arbeidet til Indremisjonen var bygd opp kring møteverksemd. Det var einskildmøter og møteseriar, korte og lange. Her var det alltid tilreisande talarar. Utanom desse møta var det eigne bønemøter. Desse var til vanleg utan talar. Og dei var på ein fast dag i veka om det ikkje var andre møter. I tillegg kom Samnanger kristelege ungdomslag som starta opp att i 1939. Dei arbeidde ut frå bedehuset under heile krigen. Andre lag og organisasjonar var vane med å leige huset til sine møter og tilstellingar. Bedehuset var derfor mykje i bruk. Om dette arbeidet kan me seie:

- Einskildmøta heldt fram som før. Om det vart fleire eller færre seier protokollane ingen ting om. Men dei var der heile tida
- Møteseriane heldt og fram som før. I den grad det vart endringar var det fordi møteseriane vart lengre med fleire møter. Den viktigaste grunnen var at det vart vekkingar eit par gonger under krigen.

Alle fem krigsåra var det uvanleg stor møteaktivitet. Flest møter var det arbeidsåret 1941/42. Årsmeldinga fortel om 116 møter det året. Det var heilt uvanleg. Så mange møter på eit arbeidsår har det ikkje vore nokon annan gong. Denne delen av arbeidet må ha fungert heilt fritt.

Bønemøta gjekk det litt tilbake med. Dei skulle vere dei onsdagane det ikkje var andre møter. Men sidan det kvart år var lange møteseriar og onsdagane var opptekne til vanlege møter, gjekk bønemøta ofte ut. Det skuldast då ikkje ytre press eller vanskeleg arbeidsforhold, men uvanleg høg og ønska aktivitet på bedehuset. Dessutan var bønå svært sentral og svært mykje brukt på dei vanlege møta då det vart vekking. I tillegg var det slik at bedehuset var vigsla til kyrkjeleg bruk, og gudstenestene held fram under heile krigen.

Med omsyn til dei faste tilstellingane fortel årsmeldingane:

Eikedalsmøtet. Dette møtet vart halde alle fem åra det var krig. Kvart år i august samlast ein heil flokk. Talarar fekk dei tak i, t.d. frå Framnes Folkehøgskule og alt var som før. Nokre eldsjeler i Eikedalen fekk det i stand kvart år.

Konfirmantfesten. Denne festen hadde og vorte tradisjon. Den var kvar haust og konfirmantane med foreldre var innbedne. Den gjekk som vanleg dei fire første krigshaustane. Men hausten 1944 måtte han gå ut. Han var planlagd, men måtte avlysast. Årsaka var ein difteriepidemi som råka bygda. Ein følgje av epidemien var at det vart forbod mot større samlingar. (Konfirmantfesten var på plass at hausten 1945.)



Den staselege lysekrona.

Hautbasaren var òg ein av dei faste tilstellingane. Basaren utgjorde ein viktig del av inntektene til Indremisjonen. Dei tre første krigsåra vart basaren halden. Men i 43 og 44 vart han borte. Rasjoneringsvedtaka gjorde at det hadde vorte vanskeleg å skaffe høvelege gevinstar, noko som førte til at basaren vart sløyfa. (Etter krigen kom han tilbake.)

Juletefesten. 2. juledag var fast dag for Indremisjonen sin juletefest. Den festen vart halden kvart år under krigen. Han er omtalt i alle årsmeldingane og var ein viktig del av arbeidet. Festen var til vanleg den tilstellinga som samla flest folk. Då tok dei opp kollekt til Indremisjonen og festen gjekk kvart år med eit stort overskot. Etter vekkingane under krigen vart festen nesten eit problem. På juletefesten i 1942 kom det så mykje folk at det vart vanskeleg å få plass til alle. Men fordi dei sat på benkar kunne dei stue nokså tett og det gjekk på eit vis. Då dei skulle gå kring juleteet måtte dei først bere ut benkane og setje dei på utsida av huset. Etter det kunne dei danne ringar og juleteegongen kom i gong. Men dette kunne dei ikkje godt leva med.

Året etter hadde dei styremøte 12. des. Ei av sakene då var juletreffesten. Med bakgrunn i det som hende i 1942 står det i styreprotokollen: ”Styret fann det mest tenleg å selja eit avgrensa tal billetter for at huset ikkje skal verta overfylt (250 billetter) Billettane skal seljast på førehand.” Denne ordninga varde resten av krigstida.

17.mai-festen. Denne festen hadde lang tradisjon på bedehuset. Fest var planlagt i 1940 og, men ikkje gjennomført. Etter freden i 1945 var festen tilbake. Årsmeldinga 1944/1945 seier om ein fest som dei hadde lita tid til å planlegge: ”17. mai vart det halde fest i bedehuset, der me freista å feire freden og fridomen på ein verdig måte, og gjeva Gud æra.”

Vekking

To gonger under krigen var det omfattande kristen vekking i bygda, vekkingar som fekk store følger. Den første vekkinga kom vinteren 1941/42. I årsmeldinga for dette året står det: ”Arbeidsåret har vore eit innhaustningsår med di me i vinter har fått oppleva at mange, helst unge, har gjeve seg over til Gud. Me nemner ikkje tal, for det veit me ikkje, men me veit at Gud har gjort store ting mellom oss. Bedehuset var stappande fullt kveld etter kveld, veke etter veke, av folk som verkeleg høyrde, og på bønemøta hende det gong på gong at det var fullt mellom dei fleste benkar av folk på kne.”



Altertavla frå 1903.

To år seinare kom det ei ny omfattande vekking. Den er omtalt i årsmeldinga for 1943/44. Der står det: ”Det er med undring og stor takk

til Gud at me ser attende på arbeidsåret. Mange har vorte vunne for Gud (dette året), både unge og eldre, mange i sine beste år. Og det som ikkje er minst stort er at så mange menn har kome med i flokken. Vekkinga tok til før jul og varde heile vinteren utover like fram mot påske. Ikkje berre her på Tysse, men og i andre krinsar braut vekkinga ut. Ho greip djupt, og mange truande har vorte fornya og.»

Påbygg

Vinteren 1941/42 var det mange kveldar trøgt på bedehuset. Folk strøymde til i store mengder og det var lett å tenke at her skulle lokala vore større. Større plass vart ein gjengangar i samtalen den vinteren. Vinteren 43/44 då vekkinga kom for andre gong vart saka aktuell att. Det vart igjen snakk om nytt og større hus. Årsmøtet 1944 tok opp saka og dei vedtok då å setje av 1000 kr til eit byggefond. Våren 1945 vart det litt meir fart i saka. Det kristelige ungdomslaget vedtok i februar å gi 500 kr. til utviding av huset. Dei ville at pengane m.a. skulle gå til arkitekthjelp. I mars gjekk styret i Indremisjonen inn for å setje i gong ei innsamling. Dei sende lister rundt i bygdene. Der kunne folk skrive seg på og seie kor mykje dei kunne tenke seg å gi til nybygget. Folk tok godt i mot listene og gav villig. På innsamlinga den våren kom det inn 3.585,70 kr. Så kom freden. Arbeidet på bedehuset drog likevel ut. Finansieringa var i orden. Men det skulle vise seg at det tok tid før ein fekk tak i materiale til nybygget.

Minnesamver

Etter eit dødsfall var det ofte minnemøte på bedehuset. Då var det til vanleg familien til den avdøde som leigde huset. Det hende og ofte at dei leigde kaffikjelen, eller kjele og steintøy, og så hadde dei minnesamveret heime. Men under krigen tok Indremisjonen ansvar for ei slik samling.

I januar 1944 døydde Kristian Blom. Han hadde då i fleire år vore sentral i arbeidet på bedehuset. Han var mannen som hadde ansvar for at det var varmt på bedehuset kvar gong det var møte og under krigen var det ekstra mange møter. Alle på bedehuset visste difor at Kristian Blom hadde



Kjelen er like gamal som huset. Døypefonten kom til etter krigen.

vore mange og lange dagar på bedehuset. Men ikkje berre talet på møter gjorde arbeidet krevjande. Arbeidet i seg sjølv vart meir tidkrevjande då krigen kom. No vart all fyring med ved. Før krigen hadde dei brukt mykje kol i oppvarminga av huset. Det brann lenger og ein vart ikkje så bunden til ovnen. Ikkje var det stort arbeid med det på førehand heller. Men under krigen var kol ei av dei varene som vart borte. I februar 1940 fekk bedehuset 10 sekker kol. (pris 65 kr.) Men etter det fekk dei ikkje kjøpt meir. Resten av krigen var all fyring med ved. Dei kjøpte ved i famnlengde og sagde/kløyvde han i vedbua på bedehuset. Dette arbeidet stod Kristian Blom for til han døydde.

Dette minnesamveret samla svært mykje folk og dei tok opp kollekt. Om den kollekten står det i årsmeldinga for 1943 - 44. "Det kom inn så mykje pengar den kvelden at me kunne betala all gjeld som stod til rest på bedehuset. Så no er me altså skuldfrie." Kollekten var på 703 kr, den største kollekten dei hadde fått til då.

To viktige saker

Under krigen vart det ordna opp i to viktige saker for Indremisjonen. Begge er omtalt i årsmeldinga for 1940/41. Den første saka galdt skøyte på huset. Om den seier årsmeldinga: ”Like eins har styret fått Johannes M. Tysse til å skrive ut skøyte på bedehustomten, då det synt seg at det før ikkje var noko tinglyst skøyte på Indremisjonen sin eigedom, og det heller ikkje var å finna noko som ikkje var tinglyst. Desse skøyta som no er skrivne er vorte tinglyste.” Bakgrunnen var eit medlemsmøte der styret for Indremisjonen hadde fått fullmakt til å pantsetje Indremisjonen sine eigedomar. I samband med det kravde banken at dei hadde tinglyst skøyte på eigedomen. Men det fann dei ikkje. Johannes M. Tysse som gav tomten, skjøna problemet, skreiv ut skøyter og Indremisjonen fekk dei tinglyst. Dermed var det i orden.

Den andre saka galdt kommunen si leige av bedehuset. Eg siterer årsmeldinga igjen: ”Når det gjeld leiga av bedehuset til kyrkjebruk, kan det opplysast at formannen har vorti innkalla til eit formannskapsmøte vedkomande denne saka. Der vart det vedteke at leiga for komande budsjettår skulle vera 250 kr. For å få ei endeleg avgjerd i denne saka som no i fleire år har vore ugrei, vart det tilrådd indremisjonen å senda heradstyret eit skriv med uttømmende krav og forslag vedkomande leigetilhøva. Heradstyret skulle så handsama dette skrivet, godkjenna det eller koma med merknader.” Kort fortalt vart det no sett opp eit skriv om leigetilhøva. Dette skrivet vart så godkjend både av heradstyret og Indremisjonen. Etter fleire år var det dermed ordna opp i saka.

Uro

To saker var med å lage litt uro i forsamlinga i krigsåra. Den første dukka opp i etterkant av den store vekkinga som årsmeldinga for 1941/42 fortel om. Om den står det i årsmeldinga for 1942/43: ”Ein ny ting har gjort seg gjeldande det siste året, og som me lyt rekna med kanskje i lang tid framover er pinserørsla. Nokre av dei som kom med i vekkinga i fjor og nokre andre har teke vaksendåp og gått over til pinserørsla. Dette har dels verka nedrivande og dels godt for veneflokken i det heile.”

Den andre saka galdt fri nattverd. Den kom opp på eit styremøte 13. mars 1944 heime hos presten. Styret var delt i saka og gjorde ikkje noko vedtak. Etter dette fekk ei gruppe lov til å ha eit slikt møte. I årsmeldinga 1943/ 44 står det: ”No den 5. mai vart det halde nattverd i bedehuset, fri nattverd. Den første av dette slaget på mange år. Nattverdmøte fekk svært stor tilslutning, om lag 90 truande tok del. Det vil på årsmøtet verta vedteke om indremisjonen skal overta desse møta for framtida.” Saka vart teke opp og drøfta på årsmøtet like etter. Men årsmøtet gjorde ikkje noko vedtak. (Fri nattverd er det når nattverdstunda vert leia av ein som ikkje er prest, ein legmann.)

Ungdomslag

I 1939 tok dåverande hjelpeprest Gjesdal eit initiativ og fekk i gong ungdomsarbeid på bedehuset att. Dette vart starten på eit ungdomsarbeid som heldt fram under heile krigen og i fleire år etterpå. Første tilstellinga til laget var Jonsok-kveld på Tømmerløype eit par veker etter at dei starta. Til vanleg var møta deira på Samnanger Bedehus om torsdagane. Men dei hadde og nokre søndagsmøter. Elles var Kristi Himmelfartsdag stevnedag for dei. Dei held og fram med å feira st. Hans på Tømmerløype dersom ikkje veret gjorde at det vart flytta til bedehuset. Laget hadde sitt eige handskrive blad som dei las frå på møta sine. Bladet fortel på den måten kor ofte det var møte. Under krigen vart møta deira sløyfa i periodar. Det var dei periodane då det var vekking på bedehuset og huset var oppteke. Ungdomane slutta då opp om dei vanlege møta. Bladet deira gav og eit godt bilete av korleis denne vekkinga verka. Me finn mange vitnemål frå dei som skreiv i bladet.

Musikklaget

På denne tida hadde indremisjonen eit stort og godt musikklag. Dei hadde mange gitarar, men og fiolin og mandolin. På bedehuset brukte dei og orgelet til nokre songar. Musikklaget tok aktiv del i arbeidet og song både på møter og festar. Ikkje berre på Tysse. Dei var og med og song andre stader, som på Eikedalsmøtet. Dei kunne ta ein tur og syngja for eldre folk som ikkje kom seg ut på møte. T.d. var ein heil flokk av dei og song i Fossåsen i 1942. Då song dei for ei eldre dame og son hennar.



Musikklaget i Fossåsen i 1942.

Ei litt spesiell hending i musikklaget må nemnast. Under den første vekkinga kom ein tysk soldat inn og var tilhøyrar på møta. Han fekk då høyre at musikklaget song. Ein kveld spurde han om han kunne få vera med og syngja. Det fekk han. Men det var ein underleg situasjon. Ein tysk soldat stod der i uniform og song saman med dei norske. Kva skal me tenka om dette? Var han ein kristen som brukte fritida si slik? Eller? Seinare vart det snakka litt om dette. Var han kanskje ute for å sjå kva som gjekk føre seg? Var han her på oppdrag frå tyskarane? Her som det ofte var samla så mykje folk, og der det kom folk frå bygdene omkring og. (Denne saka er det ikkje skrive noko om i bøkene til indremisjonen. Men den er fortald og stadfesta av nokre som var med i musikklaget på den tida.)

Andre organisasjonar og lag

Før krigen hadde andre organisasjonar og lag hatthøve til å leige huset til sine møter og tilstellingar. Det viste seg fort at dette heldt fram etter at tyskarane hadde kome. Kassaboka fortel kven som leigde huset. I rekneskapsåret 1940/ 41 hadde Det Norske Misjonsselskap og Sjømannsmisjonen basar.

Det same hadde Samnanger gamleheimsförening og Helselaget. NMS hadde i tillegg kvinnemøte. Losje Morgenrøden og Vanføreföreninga hadde juletreffest. I tillegg leigde Barmen kvinneförening og Norsk Folkehjelp huset.

Fleire av desse leigde huset kvart år under krigen. Men det kom og inn andre. I 1941/42 leigde Kinamisjonsföreninga og Finnmarksföreninga huset. Yngreslaget leigde huset til juletreffest og Frelsesarmeen leigde huset til møte.

I 1942/43 kom det husleige frå Tysse gamleheimsförening. (Er det same föreninga som i 40/41 er skrive for Samanger gamleheimsförening?) Våren 1943 er det og eit kurs på bedehuset. Det må ha gått over fleire dagar for dei har betalt 50 kr i husleige. Siste rekneskapsåret finn me to leigetakarar som ikkje har vore nemnd før. Det var Indre Sjømannsmisjon, som hadde møte, og Kirkeföreningen (starta i 1944) som hadde basar.

Så langt eg skjønar har alle desse laga og organisasjonane og arbeidd heilt fritt i høve til styresmaktene.

Økonomien

Korleis gjekk det så med økonomien desse fem krigsåra? Eit blikk på tala viser at økonomien var god. Basarane hadde i mange år vore viktige på inntektssida. Men at dei gjekk ut både i 43 og 44 fekk ikkje nokon avgjerande verknad. At alle organisasjonar og lag arbeidde fritt og at det var vekking to gonger under krigen hadde langt meir å seie. Det gav Samnanger Indremisjon ekstra store leigeinntekter. Og når det vart orden på leiga til kommunen så fekk Indremisjonen fast 250 kr i årleg leige. Dessutan var det bra med pengar mellom folk. Grunna rasjoneringa var det lite å bruke pengane på. Dette, og mykje folk på bedehuset, førte til at Indremisjonen fekk mange store kollektar, om ikkje så store som på minnesamveret etter Blom. Det som gir det klaraste bilete av økonomien til Indremisjonen er saldoen når rekneskapsåret var slutt. Då rekneskapet vart gjort opp sumaren 1940, altså ved starten av krigen, var det 253.95 kr. i kassen. Denne summen auka år for år. Sumaren 1945, då krigen var slutt, viser rekneskapet at saldoen hadde kome opp i 2.084.60 kr. Ei åtte-dobling. Og så hadde dei pengane som var samla inn til påbygg i tillegg.

Styret

Styret hadde på den tida sju medlemmer, fire menn og tre kvinner. Av dei var fem med alle krigsåra. Det var Johan Fagerlid og Hans Tømmerbakk, samt dei tre kvinnene Astrid Klungseth, Anna Abotnes og Severina Hoseth. Desse menn og kvinner utgjorde eit stabilt styre og stod godt saman.



Møtesalen slik han var våren 2020.

Oppsummering

Arbeidet på bedehuset under krigen heldt fram slik det hadde vore før. Årsmeldinga frå sumaren 1940 snakka om "forstyrrelser i alle ting". Så langt eg skjønar er det knytt opp mot den uvisse som kom. Dei tenkte heile tida på kva som kunne kome til å skje. Men eigentleg skjedde det svært lite. Det kom ingen hindringar eller avgrensingar frå styresmaktene si side. Rasjoneringa verka negativt, men det var som for resten av samfunnet. Som tala viser var den økonomiske utviklinga god. Kristeleg var òg utviklinga god. Svært god. Vekkingane med stor auke i flokken fortel om det. Samla sett må dei fem krigsåra ha vore ein av dei beste femårsbolkane Samnanger Indremisjon har hatt.



Foto: Svein Nord (Nord 4)

Segna om Kikedals-bonden

av Ingjald Håland, fotnotar av Knut Ådne Røen

Kikedals-bonden skal ha levd for snart 700 år sidan. Her får du forteljinga om storbonden slik skodespelar og teaterstyrar Ingjald Haaland (1885 – 1952) frå Hålandsdalen skildra.

Segni segjer at han som sist budde i Kikedalen, sku' vera ætta frå Gjørn og ropast for Jon. Han hadde teke seg kjerring på Høyseter i Samnanger. Namnet hennar veit me òg, frå eit ordtak som vert hermt etter Kikedalsbonden: «Baka titt, Tola, baka titt Tola! Berre tri dagar og tri netter til jola» Han var nok kvass i målet den gongen. Han var harddreven av velten¹, so tenarane ville ikkje stogga hjå han. Derfor laut han henta tenarane utanbygds. Det muna betre for han med det. For ordet gjekk, at dei aldri kom att til heimbygdi si, so dei kunne fortelja kor dei lika tenesta i Kikedalen. Mange tenarar laut han halda

¹ “Harddreven av velten” - det språklege er uklart her, men meininga er at bonden var ein strid arbeidsgjevar.

for vakthaldet. Du såg restane etter den digre muren ned med vatnet, han var murd upp for å verna garden for øvefallsmenn. Like eins er der ein fælände høg mur tvers øve Kikedalsskaret, upp med Sæterhaugen. So han måtte ikkje kjenna seg for trygg der han sat, karen. Bygdafolket var hakkande galne på Kikedalsbonden. Han var for rådriken i fjellet, sa folk. Der kom vekk for mykje smålog³, både sau og geit. Han salta ned tri tunnor med tungor fyr året. Dei pysja um at det var ikkje berre av smalen som vart framfødd i Kikedalen. Men ingen mann våga på å njosna⁴ i saltekjeri hans. Dei hadde vorte jaga med stokk og stein.

I gamle dagar var no Kikedalen sværa gard òg, må vita. Bonden her rådde både øve Sæterhaugen og Markabotnane, og beite var der i det endelause. På vestsida, heile fjellbeitet med Trælafjellet like til Samnanger i nord, og Hellandsaksli i vest, med beite og fjellslått på nordsida av Ottanosi, Prestasætri og Kvanngrø, låg frå gammalt under Kikedalen. So hadde han, med han kunne femna øve, på austsida, alt han berre kunne håva inn frå Kvitingane, og all skoraslåtten på begge led⁵ av vatnet like til Hammaland og Gjørn, so det var 'kje til unders at han laut halda mange tenarar. Han skulle vera ei ræbikkja til å slåst. Og maken til jeger og bjønneveidar, fanst ikkje på longan leid, fjellmann på sin hals, kom ikkje der!

Det sku' vera radt ei bisn⁶ å sjå han òg. Sjå vel etter når du kjem i kyrkja ein gong, so vil du sjå ein knagg som dei hengde vamsen sin på, i ein av stolane nedunder knaggen er der ein utskoren vikingafigur, det skal vera ei åminning um han, enno eg synest det ser noko avskapeleg ut - for der gjekk gjetord um kor rak han var, ljoshærd og høgvaksen, so han såg ut som ein høgdaherse⁷! Og det var han på si vis òg. Gjævaste garden åtte han og mæta⁸ mann ville han vera, so um haustane for han til Os og selde avdråtten⁹ sin, til presten vår. Os var hovudsoknet vårt i den tidi, veit du, og prestegarden låg i Os.

Jau, so var det hausten fyre svartedauden kom til bygdar. Kikedalsbonden kom til Os med avdråtten som visi hans var, for prestefolket likte dette at han kom med all denne veidni. Dyrakjøt og ryper, lambakjøt, søtost og geitost, og so alt det fine fjellsmøret. Dette var fysemat, kan du vita. Og han vart lagd på bualemen, enno visi var å

³ “Smålog” - småfe

⁵ “Led” - sider

⁷ “Høgdaherse” - ukjent samansetjing, men ein “herse” var ein hovding i vikingtida.

⁸ “Mæta” - velprøvd, respektert

⁴ “Njosna” - nysna; snoka, leita etter noko nytt.

⁶ “Radt eit bisn” - verkeleg eit særsyn

⁹ “Avdråtten” - avkastninga, dvs. kjøt og anna.

slengja vanlege ferdafolk inni tenarstova eller på fjostrevet. Og han vart beden til bords i sjølve prestekjøket, so du kan vita han kjende seg høg i hatten. Han djervdest spyrja presten um han ikkje ville tekkjast koma innom til han på Kikedalen, etter jolemessi i Hålandsdalen.



Kikedalsbonden. Illustrasjon: Knut Å. Røen

Å veit de kva? Den som kom til Kikedalen, var presten sjølv. Denna veitsla¹⁰ går her gjetord um den dag i dag. Det var i romhelgi dette bar til. Kikedalsbonden hadde budd seg vel. Dei baka og brëska so det var fæle ting. Det var den gongen han kom klampande og ropte til Tola, at ho laut baka titt.

Folk gløste storøygde attøve stolryggjene då Kikedalsbonden kom ruggande uppøve kyrkjegolvvet i den digre bjønnvampen¹¹ sin. Han hadde no hatt so fjerre vet¹² at han hadde sett frå seg handøksi uti våpenhuset denne gongen. – Folk drog på fliren når dei kom ut att etter messa og fekk sjå kor han rigga til den store høysleden presten sku' sitja i. Bonden

¹⁰ “Veitsla” - gjestebodet.

¹¹ “Bjønnvampen” - tjukk utanpåtrøye av bjørneskinn.

¹² “So fjerre vet” - så pass mykje vit

hadde lagt halm i botnen på sleden, og til øvebreidsla hadde han eit digert bjørneskinn, kanta med mår og forå med langhåra lambaskinn, so han sku' 'kje frjosa under denne hyra. Og kvart plagg som i sleden fanst, hadde lege på maurtuva¹³, so presten sku' 'kje ha det å segja, at han hadde fenge noko på seg i Kikedalen. Det var no eit gjølabeast¹⁴ han hadde til hest òg. Ein brandgul grahingst, og denne hadde han forå smellfeit, so det var eit syn å sjå. Selatyet var blankskurt, og utum den vanlege hestevekkja¹⁵ hadde han fleire bjøllor, for Kikedalsbonden ville no grannane sku' høyra det når han for framum med sjølve presten kan du vita. – Braut hadde han òg pløgt upp.

Heile vegen frå Kikedalen til Steinviki, og med eit steinkast millom, hadde han sett ned barlørjer i brautkanten um der sku' koma snjoføk. Skrubben var 'kje so nærsøkjken når der var sett upp bar. Den gong var det ufårlegt å ferdast på Gjønå-isen vinters dag. So han visste vel kva han gjorde, karen. Han ville 'kje skræma presten, kan du vita, for han kunne aldri vera trygg for at der ikkje kom ein skrubbaflokk. Derfor var det vel òg at han hadde hengt alle desse bjøllone på sleden. For det vart fæla skramling, veit du, grahingsten var stallsteden¹⁶ og det bar i tvitråv.

Då dei kom framum «Herrboro» og «Morteinen», hevja presten seg i lego og spurde kva som var tids. «Det er berre gygrane¹⁷ som kneggjar tå maraskaldro¹⁸ mi», smolla Kikedalsbonden. «Morteinen» og «Herrboro» er gygrer som gjekk i stein fyrste gong dei haure kyrkjeklokkene orna.

Med det same dei kom øve skjentelen¹⁹, fekk presten gjemen av den bræ-steikte gimbraskrotten i nosi, og han smatta med tunga då Kikedalsbonden flidde han den digre ølkjenga med so falne ord: «Velkommen te' gards, so sup skvetten or, prest.» Presten vart sessa i høgsætet tvers mot all vis og vane, for å visa han vyrndnad må vita, og sjølv sette han seg upp i andveggen²⁰.

Presten undra seg på kvifor han hadde hengt ein kvennstein øve høgsætet? Kikedalsbonden hadde nok sin baktanke med det, for han letta

¹³ “Lege på maurtuva” - mauren reinsa kleda for lus og lopper.

¹⁴ “Gjølabeast” - framifrå dyr.

¹⁵ “Hestevekkja” - hestebjolla.

¹⁶ “Stallsteden” - stallstaden; yr og vill etter å ha stått lenge på stallen

¹⁷ “Gygrane” - trollkjerringane

¹⁸ “Maraskaldro” - ekko av hesteskrammelet

¹⁹ “Skjentelen” - truleg dørstokken

²⁰ “Andveggen” - benk langs vegg.

steinen ned av nabben, og let presten sjå på han. Dermed fekk han synt han styrken sin, må vita. Han hengde so kvennsteinen uppatt og tok ei brennande tyristikka som til dessar hadde hange i ei kola på ljorestongi²¹ øve åren, og sette stikka i kvennauga. So tok han og fylte i eit sylvstaupe or brennevinskaggen, og presten vart reint upp i veret av undring øve all denne velstanden inni Kikedalen. Dei vart sitjande uppe til langt på natt, og presten fekk vita um alle hendingar og høve inni Kikedalen. Han fekk vita um alle desse dyregravene han hadde, både um den store uppi skaret som stengde ute både folk og fe frå Samninga-sida, og alle dei andre inn under fjelli. Tungebandi losna under drykkjo, må vita, og presten vart nærsøkjen og ville vita um det var sant at han salta ned tri tynnor smalatungor. Det kvitna i augo på Kikedals-bonden då, men han beit seg i lippone og svara folkelegt på det, for presten, veit du, var 'kje grei å bitast med.

«Jau», svarde han, «eg saltar nok ned tri tunnor med tungor, år um anna, men det er svart lygn i deiran kjaft når dei segjer at det berre er smalatungor. For no skal eg segja det, til deg, du som er sjelesytaren min: det er dyregravene som gjev oss meste saltmaten. Utan det ville me ikkje berga oss her inni Kikedalen. Bygdafolket er redde for skrubben, men skrubben er min beste hjelpesmann. Det er han som kjem med dyreflokkane frå vidda heim øve Kvitingane og jagar dei i skorfeste for meg, so dei sturtar ned i dyregravene mine. Hadde eg ikkje alle dyregravene og fellene og saksene mine, so vart det nok sveltihel for alle her inne, prestemann. Eg veit vel at bygdafolket held meg for tjuv og dråpsmann, og talar ilt um meg, men det er berre åvundssykja²², skal du vita. Og no skal eg fortelja deg korleis det heng ihop med det at dei segjer eg er dråpsmann: Eg laut setja upp desse fallgravene og soksene upp i skaret for å verja heimen min for udyr av alle slag. Eg kan ikkje hjelpe for at denne raklefanten frå Totland gjekk i soksi. Eg hadde varskudd samningane um soksene og fallgravene, og der heng hjalarhorn²³, so alle som vil meg noko kan hjala. Men denne karen kom ikkje til gards i ærlegt ærend. Han ville meg til livs. Han har gamalt hat til meg, frå den gongen eg tok Tola heim. Han kom her nattars tid. Han kunne ha hjala, han som andre. Eg skuldar han ikkje dauden, prest. Eg fer 'kje med svik.» - Kikedals-bonden sat rak i ryggen og stirde presten i augo.

²¹ “Ljorestong” - stong til å opna og stengja ljoren med.

²² “Åvundssykja” - avundsykje; sterk misunnning.

²³ “Hjalarhorn” - horn, lur til å ropa i.

So lyfte presten staupet og sa: «Eg trur du er å lita på.» Og med det drakk han staupet til botnar. Då presten laut snøggærendet utum novi, stod han og glåpte på dei svære tjørebredde husi. Bud ved bud, torvtekte.

Det losna ei snjoskrida uppi fjellet, raus utfyre, burt i elvagilet ved tokane²⁴. Snjoen vart smadra i lufti, det dunde fjell imillom so det kraup kaldt nedetter ryggen på presten. Han skolv smått i knei då han fomla seg inn att i den varme stova.



Sinte gygrar. Illustrasjon av Erik Werenskiöld (før 1885).

Kikedalsbonden var komen so i godlag etter at han hadde fått letta tyngsla av seg til presten, at han no kom med den eine rispa²⁵ etter den andre. Han fortalde um troll og vette:

«Du ser den store steinen som ligg i beste slåtteteigen min? Den kasta ein gong ei gyger etter meg. Ho var furten. – Bjøllekua mi hadde fenge kalv med trollstuten hennar, skreik ho. Men betre mjølkeku enn det vart av denne kalven, har aldri stade på bås i Kikedalen.

²⁴ “Tokane” - truleg takliknande brot el. skråningar (jf. Tokagjelet).

²⁵ “Rispa” - historia, skrøna.

So var det ein dag eg sku' på kvenni med melder²⁶. Med eitt bråstogga kvennkallen. Eg tenkte det var dotten stein i kvenntroi²⁷, og sku' njosna etter. Sat der ikkje eit utyske og gliste mot meg. Det var gygrekallen som ville gjera meg eit peik att. No sat han øveskrevs på slokjet og heldt i kvennkallen so vasspruten stod.

Eg svinta upp etter klubba mi, og gav han eit nakkedrag. Høyrde berre kor det grymja i skrovet²⁸ på han då han for skvatlande gjennom fossane. Det galne var at eg var vela tung på neven, for eg krasa kvennkallen min i same slaget. Eg laut kosta meg ny kvenn. Øvesteinen av gamlekvenni er det du ser øve hov'et på meg.»

Dei kneggja og lo og gama seg. Kikedalsbonden la ut um alle sine basketak med skrubb og bjønn. Ein gong låg han i fleire døger og vakta ein mannslagarbjønn, saman med ein mann frå Helland. Men ingen bjønn kom, og dei bad velleva på høgste Ottanosi, og sku' heimatt kvar til sine. Kikedalsbonden kom øve Skorasetret og sku' nett ned stigen. Jau, der kom ubeistet mot han. Frauden stod um kjeften på han, og hadde han ikkje vore svinten og køyrt stuttsverdet i holamotet²⁹ på bjørnen den gongen, so hadde ikkje presten hatt so varm øverbreidsla på sleden i dag.

Det enda med at Kikedalsbonden kom til å lova presten at han sku' få den digraste kronhjorten han fekk klo i til jolesteik komande år. Lovnaden heldt han. Og det var skadeferdi hans.

Hausten etter i svartåret 1349, kom han til prestegarden i Os med dyreskrotten, som lovnaden var. Daudsjuk kom han heimatt med salt og finmjøl som aldri vart note. Daudsjuk kom han krypande øve dei sleipe fjøresteinane i båtstødi inni Kikedalen. Han meir kraup enn gjekk til tunar, og då han sleit seg øve dørstokken, skreik han som eit såra dyr. Det tok han so øve veikalivet³⁰. Dei fekk riva klædi av han og drog han upp i lego, den siste. Han låg berre og skreik og andverptest³¹ til han blåna av. Tola og tenarane stod der som handfalne. Var dette kjempa som hadde kome som ein kastevind nedetter dei brattaste berg?

²⁶ “Melder” - korn som skal malast.


²⁸ “Grymja i skrovet” - lét stygt i kroppen.

³⁰ “Veikalivet” - magen.

²⁷ “Kvenntroi” - vassrenne av tre.

²⁹ “Holamotet” - halsgropa.

³¹ “Andverptest” - heiv etter pusten.



*“Pesta farer landet rundt”,
Theodor Kittelsen (1904).*

Kva sku' dei gripa til? Dei visste ikkje um den fæla sykja som var komen til Bergen med eit engelsk skip, og sotti han no hadde fått i seg. Den store manndauden var komen til gards. Nåmne av redsla dauda dei ned både Tola og alle tenarane.

Ingen hørde jammerskriki som hjala millom dei høge fjelli inni Kikedalen. Fenaden rauta på båsane so lenge der flikta³² liv.

Men ingen kom. Kvar mann hadde meir enn nok med sitt. Same sykja fengde i tun etter tun. Berre elleve menneskje vart øvelivande i heile dalen³³, segjer segni. Kikedalen skulle aldri meir reisa seg til velde att. Folk og fe og hus rotne ned. Dei kom ikkje i kristna jord. Sidan den dag har ingen mann tord busetja seg i Kikedalen.

³² “Flikta” - var teikn til.

³³ “Heile dalen” - Hålandsdalen

Tysse skule bygningar, elevar og lærarar

av Karin Høysæter Steinsland

Dette er kortversjonen av Tysse skule si historie frå omlag 1872 til 1962. Det er historia om bygningar, lærarar og elevar, ikkje om innhaldet i skulen. Og litt om kvardagslivet på Tysse – og nokre politiske vedtak. Eg var sjølv elev på barneskulen i Tyssevika og på Tyssereinane. Og sidan var eg elev og så lærar ved ungdomsskulen.

Skulehus på Tysse

Tysse skule på Ytre Tysse	1872 – 1904
Tysse skule i Tyssevika	1904 – 1962
Tysse skule på Tyssereinane	1962 – 1998

Perioden 1870 – 1906

Ous Præstegjelds skolekredse - Tøsse kreds

Skulehistoria er lang i Noreg, om ikkje fullt så lang i Samnanger. Før den første skulen vart bygd hadde elevar og lærarar omgangsskule i leigde stover. Dette har Nils Lauvskard skrive om i «Skuleskipnad og lærarar» i bygdesoga *Samnanger* frå 1930, s.56-88, og Knut Røen i Årbok 2001, Samnanger historielag. Korleis skulen som institusjon har vore styrt har endra seg opp gjennom tidene. Det gjeld både den politiske og den administrative leiinga, nasjonalt og lokalt. I 1860 kom ny skulelov, og det vart bestemt at Samnanger skule inndelast i 12 krinsar delt på 4 lærarpostar. Den 9.krinsen var då gardane Ytre og Indre Tysse, Barmen og Gåsdal med 25 born i omgangsskule.

I 1869 vedtok skulekommisjonen i Ous og Samnanger at det skulle byggjast 3 skulehus i Samnanger. Og i 1872 stod skulehusa på Tysse, Steinsland og Stolpane klare til bruk.

Det var fleire skifte både i krinsinndelinga og i lærarkrefter i skulekrinsane utover på 1800-talet. Ein lærar hadde ansvar for fleire krinsar og flytte frå stove til stove. Når undervisninga i ein krins var ferdig, byrja han undervisning med elevane i neste krins. På 1870-talet var ein lærar ansvarleg for både Tysse, Sandvik og Kvernes krinsar. I tilsetjinga av læraren var krins oppgjeve. Elevane hadde mellom 12 og 18 skuleveker årleg.

I Protocol over Skolehold og Skolesogning for Læreren i Os Præstegjelds Skolekredse, finn ein følgjande frå 1872: «Den andre Tur til Tøsse kreds i Aaret 1872: Skolen er denne Tur holdt i lejed Lokale hos Enken Anna Tomasdtr. Tøsse».

Og vidare noterte lærar Bergsgaard for Tøsse kreds, som då var den 22.krinsen i det vide prestegjeldet: *I Tøsse kreds fekk dei eldste elevane gå på skulen desse periodane i 1872 - 73: 4de Marts til 6te April, 17de Juni til 13de Juli, 25de November til 21de December, 3die Februar til 1ste Marts, 5te til 30te Mai.*

Det første skulehuset på Tysse kom altså i drift frå hausten 1872. Då var det slutt på å leiga stover til borna si undervisning. Det var likevel fleire lærarskifte i Tyssekrinsen mot slutten av 1800-talet: I 1872 var Arne Bergsgaard lærar i krinsen, så kom Helge S. Stene, Bendix L. Tvedt, Ola J. Tjosås, og frå 1897 Brita Stue og Knut Tvedt.

Folketalet auka sterkt på Tysse då ullvarefabrikken kom i drift på 1880-talet, og skulestova vart etter kvart for lita. Læraren måtte rundt århundreskiftet 1900 halda skule i private stover att. Både Gurihuset og Jonastova på Tyssereinane vart leigde som skulestover for å få plass til alle borna.

Rundt 1900 hadde skulestyret og heradsstyret i Os igjen fleire saker vedkomande skulekrinsane i Samnanger på dagsorden:

11.august 1897 vart det i sak 1 bestemt at Steinsland og Tveit kretsar skulle ikkje slåast saman, *medens spøragsmaalet om sammenslutning av Tysse og Steinslands kredse staar uafgjort.*



Nr. 1 på bildet er det første skulehuset på Tysse. Nr. 2 er «Direktørboligen». Nr. 3 er forsamlingshuset «Buret», som vart flytta i 1922 og vart skulehus i Grønsdalen. Nr. 4 er «Smio». Fotoet er teke mellom 1899 og 1905 og er frå Deby-albumet med opplysingar ved Sverre Sjursen / Historielaget.

Skulestova i det alle første skulebygget frå 1872 var på 6,35 x 6 meter. Stova hadde små vindauge og det var særskildt, for det var ikkje innskotsqolv. Soga seier at buksebaken fraus fast til benken vinterstid. Men det meste av gamleskulen var likevel vurdert som god nok til gjenbruk i 1905, då det vart bestemt at det gamle skulehuset på Tysse skulle flyttast til Frøland. Men nye vindauge og måling måtte til.

Namnet **Skulebakken** på Ytre Tysse, fortel oss at opp her gjekk elevane til skulen – truleg heilt frå 1872. Den smale vegen startar opp frå midt i Tyssebakken.

1904 - nytt skulehus i Tyssevika

30.september 1904 var registrert frådelling av grunn til nytt skulehus, no på Indre Tysse. I eit skulestyremøte i Os vart det referert ei klage frå *Opsidderne i Tøsse kreds* vedrørande avgjerda om at det vart lagt skuletomt ved bedehuset... Vel, trass i klagen vart skulehuset bygd ganske så nær bedehuset.

I starten av 1900-talet vart det også stabile lærarkrefter i Tysse krins. Det hadde vore ofte skifte i lærarstaben tidlegare, til stor ulempe for opplæringa. No vart det betring.

Tysse skule i **Tyssevika** vart bygd i 1904-05. Det var bygd med to klasserom, sløydjellar under og lærarbustad ovanpå. Og med vedskjul og utedo på skuleplassen, sjølv sagt. Delar av andre høgda måtte etter kvart også takast i bruk til klasserom. Frå 1907 var Samnanger eigen kommune og styrte dermed også med skulane. I fleire krinsar var omgangsskule vanleg heilt fram til 1920-talet, og todelt. Men i Tyssekrinsen var skulen 3 og 4-delt, og ut på 1920-talet 5 klassar. Elevtalet hadde auka kraftig, frå 25 i 1875 til vel 100 i 1928.



Dette biletet er frå 1920-talet (fargelagt). Tysse skule ligg i forgrunnen. Den store arbeidarboligen ligg rett bak, og ein skimtar bedehuset mellom dei. Bak til høgre ligg ullvarefabrikken som brann i 1931.

Brita Stue (1870-1964) var fødd i Kvam. Ho vart tilsett som lærarinne i småskulen i Samnanger i krinsane Frøland og Tysse i 1896. Ho var ei kort tid også tilsett i Søfteland krins. På Tysse skule var ho heilt til 1935 då ho fall for aldersgrensa. Ho var ugift *frøken* og bygde seg eige hus i Tyssevika, kalla «Fredheim». **Josef Tveiten** (1871-1963) kom frå Hosanger. Han vart tilsett som lærar i Samnanger først i Rolvsvåg og Hisdal i 1894, seinare i Sandvik, Kvernes og Lid krinsane. I ei skulestyresak i Os frå august 1897 kan ein lesa at han oppmoda om å slå saman desse krinsane til ein krins. I ein heil mannsalder var han lærar i storskulen på Tysse, frå 1909 – 1936. Han gifta seg med Anna Helena Røsseland i 1900, og dei busette seg på indre Tysse. I historielaget si årbok 2017 har *Oddvar Tvedterås* fortald om tida si ved Tysse skule. Han var elev ved Tysse skule frå 1926 til 1933. Lærarane hans var Brita Stue i småskulen og Josef Tveiten i storskulen. Det var folksamt i grenda, om lag hundre elevar på folkeskulen i krinsen på den tida.

Gjertrud Ese-Ådland (1877-1964) var også lenge lærar i Os/Samnanger. I 1898 hadde ho t.d. 12 veker småskule i Nordvik, 10 på *Stensland* og 10 på *Tvedt*. Ho vart gift i 1901 med Tomas Aadland. Ho var lenge lærerinne på Steinsland skule. Men i 1936, då Brita Stue var gått av, fekk ho første klasse på Tysse skule med 11 elevar. **Tomas Isene** (1888-1957) kom frå Davik i Nordfjord til Samnanger i 1913. Han var lærar ved storskulen på Tysse. Han gifta seg i 1921 med Marta Nyteveit og bygde etter kvart hus i Fjellheimsvegen.

Framhaldskule på Tysse skule

På Tysse skule har det i periodar vore halde framhaldskule. I 1913-14 vart det halde eit 16 vekers kurs med lærar Andreas Røen (1874-1946) . I 1921-22 var det eit kurs på 3 månader med lærar Torbjørn Vik.



Klassebilette frå framhaldskulen på Tysse 1913-14 (fargelagt):

1.Sjursen, 2.Knut Svensdal; 3.Konstanse ? frå Gjerde, 4.? , 5.Ingeborg Tysse g.Pettersen, 6.lærar Andreas Røen, 7.? , 8.? , 9.? , 10.? , 11.? , 12.Gulleik Børdal, 13.? , 14.Johannes M. Haga, 15.Ragnhild Frøland g.Ulland, 16.? , 17.Lina Berthea Trengereid, 18.? , 19.Anna Berthea Tysse g.Trengereid, 20. Marta Pernille Nyteveit g.Isene.



Elevar og lærarar Tysse skule 1927-28

1. Åsmund Abotnes, 2. Kristian Tysse, 3. Einar Tysse, 4. Osvald Våge, 5. Nils Sjursen, 6. Jonas Larsen, 7. Even Trengereid, 8. Magnus Larsen, 9. Leiv Lie, 10. Odd Ervik, 11. Trygve Lægland, 12. Håkon Hadeland, 13. Sigmund Totland, 14. Bertin Hanevik, 15. Ingvald Gjerde, 16. Birger Sandvik, 17. Sverre Våge, 18. Hermann Litangen, 19. Oddvar Tvedterås, 20. Osmund Odland, 21. Leif Ulland, 22. Torleif Frøland, 23. Trond Nordvik, 24. Georg Blom, 25. Gunnar Langeland, 26. Leif Totland, 27. Gudrun Kristine Berland, g. Aldal, 28. Henny Sylvia Nymark, g. Moss, 29. Klara Matilde Våge, g. Skår, 30. Svea Charlotte Haga, g. Kvernes, 31. Erna Johannessen, 32. Ragna Røsseland, g. Frøland, 33. Petra? Nyteit? 34. Nelly Foss, 35. Kristina Eriksen, g. Johannessen, 36. Målfrid Totland, g. Opheim, 37. Magda Våge, g. Øpstebø, 38. Aslaug Vikøren, g. Dale, 39. Bergit Sjursen, g. Rørstad, 40. Margit Storli, g. Steine, 41. Ågot Tveiterås, 42. Marit Tveit, 43. Cecilia Lie, g. Herfindal, 44. Emma Nordbø, g. Torheim, 45. Selma Kvittingen, g. Lauskard, 46. Berta Berland, 47. Emma Tysse, g. Nilsen, 48. Klara Tvedterås, 49. Jenny Abotnes, 50. Solveig Haga, g. Brunborg, 51. Margit Lie, g. Dagestad, 52. Borghild Trengereid, g. Børdal, 53. Dagny Nordvik, g. Lie-Svendsen, 54. Klara Larsen, g. Odland, 55. Ingrid Berland, g. Storebø, 56. Johanna Sandvik, 57. Lærer Brita Stue, 58. Lærer Tomas Isene, 59. Ingrid Hanevik, g. Tvedterås, 60. Petra Haga, g. Soltvedt, 61. Brita Våge, g. Totland, 62. Mary Ervik, g. Børdal, 63. Asta Tveit, 64. Gunnhild Foss, g. Lekve, 65. Nancy Nordbø, g. Ingvaldsen, 66. Alma Nymark, g. Revheim, 67. Ester Nymark, g. Nilsen, 68. Svanhild Sandvik, g. Tysse, 69. Aslaug Fredriksen, g. Amundsen, 70. Astrid Trengereid, g. Holgersen, 71. Anna Olivia Åbotnes, 72. Konstanse Ervik, g. Ahrweiler, 73. Lærer Josef Tveiten, 74. Arthur Frøland "Pytten", 75. Peder Totland, 76. Tomas Tysse, 77. Nils Totland, 78. Hermann Røsseland, 79. Johannes Fossås, 80. Kristian Langeland, 81. Ingvald Odland, 82. Karl Dyrseth, 83. Olaf Langhelle, 84. Olaf Knutsen, 85. Trygve Totland, 86. Einar Larsen, 87. Edmund Haga, 88. Mons Hanevik, 89. Sverre Sjursen, 90. Martin Nilsen, 91. Nils Nilsen, 92. Johannes G. Tvedterås, 93. Arne Nordvik, 94. Petrus Tysse, 95. Harald Haga, (død 16 år) 96. Osvald Totland, 97. Karl Fossdal, 98. Malvin Nilsen, 99. Sverre Litangen (død 17 år) 100. Magnus Reigstad, 101. Arne Trengereid, (død 27 år).

1930-talet – trange tider

For borna på Ytre-Tysse gjekk skulevegen opp langs elva i Tyssebakken og så over Tyssebrua. *Konny Galland (g.Hæreide)* var elev på Tysse skule frå 1934 til 1941. Ho hugsar godt at mora måtte følgja henne på skuleveg dei første dagane fordi brua virka skummel. Dei vaksne hadde skremd ungane med at under brua kunne der vera skumle vesen, så borna skulle trampa hardt når dei skunda seg over.



Den gamle Tyssebrua frå 1898 var litt skummel for små skulejenter.

Første året hadde alle Brita Stue som *frøken*. Skuledagen starta alltid med song, ulike songar etter årstida. Frøken sat med eit stort sjal rundt seg, noko borna syns var rart. Det var ikkje alltid like varmt i skulestova for ein aldrande lærar, men store delar av skuleåret vart det fyr i omnen. Litt «kniktafakte» kunne då elevane finna på. Meir enn ein gong opna og lukka dei ytterdøra fort for å laga gjennomtrekk. Då velta røyken inn i skulestova, og så vart det ekstra fri til utlufting.

Den store fabrikkbrannen på Tysse i 1931 fekk vide følgjer. Utover på 1930-talet vart talet på skuleveker i året redusert pga trong økonomi. Og var læraren fråverande av ein eller annan grunn, fekk ikkje elevane vikar. Konny hugsar at læraren plar syngja i gravferder i kyrkja på Ådland, og då fekk elevane fri. Så elevane følgde med på dødsfall!

Norsk var favorittfaget til Konny, ho likte å skriva stil – helst på riksmål*. Og sidan ho var glad i å lesa gjekk ho ofte på biblioteket på fritida. Det var i kjellaren i huset til Brita Stue. Det fanst ikkje mykje utstyr korkje på skulen eller i heimane. Nokre kart på veggen og plansjar i skulestova var alt. Og berre læraren fekk bruka dei. I friminutta spelte jentene ballspel, som trappeball. Men i den timeslange matstunda gjekk dei fleste heim. Konny følgde gjerne med ei venninne heim som var så heldig å bu nærare skulen. Niste var ikkje vanleg. Dette var verkeleg dei harde 30-åra! Det var faktisk elevar som ikkje kunne komma på skulen kvar skuledag fordi familien ikkje hadde råd til sko til alle søskena. Dei måtte dela både på sko og skulegong, minnst Konny.

**Først i 1938 vart undervisninga ved Tysse skule på landsmål (nynorsk), det var siste krinsen i kommunen som gjekk over frå riksmål til landsmål.*

1940-talet – få elevar og lite utstyr

Då krigen nådde Samnanger i 1940 vart Tysseskulen okkupert av tyskarane. Undervisninga vart ein kort periode lagt til nabohuset, dvs i bedehuset på Tysse. Men så vart små og store Tysseelevar flytta til Steinsland skule. Det vart lang skuleveg, syns Konny, ja, heilt frå Nymark for nokre av elevane.

Nils Svein Røsseland begynte på Tysse skule i 1947. Det var berre 3 jenter og 4 gutar på årstrinnet. Så dei gjekk annakvart år med klassetrinnet over eller under. **Bernhard Tysseland** og **Tomas Isene** var blant lærarane hans. Nils Svein hugsar godt at frøken **Kirstin Knutsen-Øi** kom til skulen i 1949. Ho var fødd på Madagaskar, og det var ekstra spennande å få henne som lærar i småskulen.

Skulevegen for Nils Svein var opp Tyssebakken og så over den nye Tyssebrua frå 1942– eller gamlebrua som framleis sto. Den nye brua var elles fin å balansera på, syns gutane. Til og frå skulen var det vanlegvis fred og ro på vegen. Verre var det på fritida; då var det krig mellom gutane frå Ytre Tysse og Indre Tysse – med vaktpostar på begge sider av brua. For å komma forbi vaktposten måtte ein ta opp kampen fysisk eller betala seg forbi. Så av og til brukte gutane heller båt på fjorden enn å gå over brua.

Sterke luktminne. Dette var kort tid etter krigen, og skulen hadde lite utstyr. Det var penn og blekk, kart på veggen, og blyantar som læraren kvessa for dei. Det kunne verta litt kjedeleg for gutungane. Men gutane hadde opparbeidd seg kunnskapar som «kom til nytte». Kjemi var ikkje eit eige skulefag, men kjemi i praksis vart det – utan at læraren hadde planlagt det. Under og etter krigen var karbid eit vanleg middel for å få lys i lampar og lyfter, til og med i billykter. Både karbid og magnesiumpulver var heller lett å få tak i. Litt karbid i vatn gjorde «susen» - det lukta ille på skulen då. Og magnesiumpulver på ein tørr svamp verka uskyldig – heilt til læraren skulle væta svampen for å tørka av tavla. Då fresa det farleg og slett ikkje så uskuldig! Det var kanskje på framhaldsskulen på Steinsland at det vart «eksperimentert» med magnesium, lurar Nils Svein på. Den freistande lukta av shillingsbollar er eit anna levande luktminne frå skuletida. Med småmynt i lomma og løyve frå læraren til å gå ut skuleporten, hende det han fekk seg ein fersk bolle frå Alfred Totlands bakeri i skuletida.

1950-talet – elevtalet aukar i Tysse krins

Barnetalet auka etter krigen, og det vart heller trongt om plassen på Tysseskulen igjen. Frå siste halvdel av 1950-talet vart det bygd mange nye hus i krinsen. I Fjellheimsvegen kom det første kommunale byggjefeltet – det var ofte berre kalla for Feltet.

Andre høgda i skulen vart på 50-talet framleis leigd ut, til familien Blom og til lærarinna Kirstin Knutsen-Øy.

Dagny Otterstad (f.1899) var lenge lærar for dei yngste elevane på Tysse skule. **Anders Aadland** (1904-1975) og **Asbjørn Gloppestad** (f.1892) var stødige lærarar for dei eldste elevane på Tysse utover på 1950- og 60-talet.

Lærarane i Samnanger 1953



Lærarane i Samnanger 1953. (Fargelagt).

Frå vinstre: 1. rekkje: Tomas Isene, Bjørg Elken, Kirstin Knutsen-Øy, Bjørg Vangnes, Nils Nylteit. 2. Ole Brigtsen, Kristian Kaldestad, Knut Roen, Nils Høysæter, Mons Tveit. 3. rekkje: Ingjald Tveit, Kristoffer Kvittingen, Anders Aadland, Johan Fagerlid, Hans Temmerbakk.

Av desse lærarane var Tomas Isene, Kirstin Knutsen-Øy, Nils Høysæter, Anders Aadland og Kristoffer Kvittingen lærarar ved Tysse-skulane i mange år.

Tysse skule, 1., 5. og 6.klasse 1955/56



1.Anders Andersen, 2.Olav Fossås, 3.Odd Årsand, 4.Sigmund Sjursen, 5.Tor Arne Nordvik, 6.J. Tysse, 7.Steinar Waage; 8.Sigfred Vikøren, 9.Ole Tveiterås, 10.Åse Totland, 11.Gjertrud Berland, 12.Berit Odland, 13.Else Karin Lægland, 14.Karin Vikøren, 15.Solveig Eriksen; 16.Kari Røsseland, 17.Anne Bjørg Tepstad, 18.Oddny Tveiterås, 19.Oddbjørg Tysse, 20.Berit Røsseland, 21.Wenche Ervik, 22.Liv Erna Skulstad, 23.Eli Bruvik, 24.Margunn Abotnes, 25.ærar Dagny Otterstad; 26.lærar Asbjørn Gloppestad, 27.John Olav Abotnes, 28.Einar Bernes, 29.Normann Gåsdaal, 30.Øystein Sjursen, 31.Norvald Berland, 32.Otto Odland, 33.Johannes M. Tysse, 34.Einar Bruvik; 35.Åge Gjelsvik, 36.Torolf Vikøren, 37.Hans Berland, 38.Tor Arne Tysse, 39.Jan Thunestvedt, 40.John Magnus Abotnes, 41.Frank Eriksen, 42.Steinar Nilsen.

Tysse skule, 2., 3., 4.og 7.klasse 1955/56



1.Asbjørn Abotnes, 2.Nils Egil Lægland, 3.Jakob Lien, 4.Hans Kvernes, 5.Nils Lien, 6.Håkon Sjursen, 7.Øistein Gåsdaal, 8.Terje Abotnes, 9.Alfred Johan Otterstad; 10.Anne-Helen Nordbø, 11.Elin Tveiterås, 12.Marit Gåsdaal, 13.Reidun Eriksen, 14.Jorunn Gjelsvik, 15.Britt Marka, 16.Annemor Børdal, 17.Kirsten Andersen, 18.Anna Tveiterås, 19.lærer Asbjørn Gloppestad; 20.lærer Anders Ådland, 21.Bjørn Arne Langhelle, 22.Per Arne Totland, 23.Anne Turid Abotnes, 24.Anne Marie Otterstad, 25.Astrid Tysse, 26.Helga Johannessen, 27.Else Litangen, 28.Astrid Thunestvedt, 29.Jorunn Solvang, 30.Kirsten Iversen, 31.Rannveig Nymark, 32.Grete Risnes; 33.lærer Dagny Otterstad, 34.Svein Arne Nilsen, 35.Arne Vikøren, 36.Frank Eriksen, 37.Torolf Vikøren, 38.Monrad Tveiterås, 39.John Tveiterås, 40.Åge Gjelsvik, 41.Alfred Bruvik, 42.Arvid Tysse, 43.Bjarne Grønstøl, 44.Alfred Johan Aldal, 45.Gunnar Bruvik; 46.Hans Dagfinn Tveiterås, 47.Kåre Johan Reigstad, 48.Olav Langhelle, 49.Knut Egil Nilsen, 50.Gullborg Gåsdaal, 51.Signy Eriksen, 52.Nora Tveit, 53.xxxx xxx, 54.Solveig Vikøren, 55.Björg Sjursen.

Samlingsstad 17.mai

Tysse skule var sjølvstøtt samlingsplass på nasjonaldagen. Skuletrappa og gjerdet rundt skuleplassen vart alltid pynta med bjørk og flagg til 17.mai. Og det var utgangspunkt for folketøyet mot aldersheimen, med Tysse musikklag i spissen. Her er korsong på skuletrappa nasjonaldagen i 1954.



Dirigent (med ryggen til) Anders Aadland, og damestemmene: f.v. Johanna Spartveit, Agnes Reigstad (fremst), Ragnhild Blom, Borghild Berge, Nancy Myren, Anna Nymark, Bjørg Vangsnes, Olava Skulstad og Ingeborg Solvang. Mannsstemmene. f.v. Karl Hoseth, Olav Odland, Thomas Abotnes, Kristoffer Berland, Ingvald Odland, Magnus Abotnes og Sverre Sjursen. (bilde Historielaget)

2.klasse Tysse skule 1957/58



1.rad f.v. Jostein Rørstad, Sigfred Vikøren, Brigt Olav Gåsdal, Arne Trengereid, Norvald Nytveit, Erling Nymark, Marit Nytveit

2.rad f.v. Hans Egil Solberg, Per Ove Nilsen, Ove Grønlien, Svein Otto Hanevik, Atle Fossås, Tore Gåsdal, lærar Dagny Otterstad

3.rad f.v. Anna Waage, Anna Nilsen, Solfrid Litangen, Elfrid Gåsdal, Sissel Hæreide, Anita Trengereid.

Liv og røre på Tysse på 1950- og 60-talet

I **Tyssevika** var det i tillegg til skulegong mange slag aktivitetar for born og unge. Det var yngres og søndagsskule i bedehuset, og barnemøte i nybygde Sion. I Vonheim var det ungdomslag, musikklag og losjearbeid. Samt kinogåing om søndagane. I Tyssevika var det kafe og isbar, bakeri med utsal, to frisorar, to kolonialbutikkar, manufaktur, melkeutsal, slaktar, telegraf, to bensinstasjonar – og bussgarasje. På ettermiddagstid (søndag?) kunne det vera 5 bussar som skulle korrespondera frå ulike grender og by og bygd. Eksosen låg blytung, bokstavleg talt, minnest ei bilsjuk jente! Og bussane – dei var sjøvsagt blå BHB-bussar eller raude HSD-bussar.



Tyssevika tidleg på 1960-talet, rett før nedlegginga av skulen (pil). Andre etasje var då brukt som klasserom. Bedehuset til høgre for skulen og kafeen over bedehuset. Til venstre for skulen er vedskjulet og utedoen til skulen. I høgre biletkant ligg bakeriet til Alfred Totland. «Vonheim» (raudt hus) ligg oppe til venstre og bensinstasjonen til Jakob Totland nedom vegen.

På Ytre Tysse ruva Safa med sine bygg og mange tilsette: Fleire mødre og fedre kunne følgja med frå arbeidsplassen sin kor tid og korleis me elevane gjekk over brua til og frå skulen – både før og etter 1962! Her var

Safa-utsalet og Safa-kantina, bank og postkontor der me fekk sparebøsser; manufaktur med sko og kle og sløyfeband, kolonial- og slaktarbutikker, meieriet, bakeri med bollelukt, og ikkje minst jarnvarehandelen der papen fekk tak i spikar, sement og dynamitt. (Varsku her! Me jentene bad dei store gutane til å henta streng til oss når dynamittlukta hadde «lagt seg». Brukt skytestreng laga me fargerike ringar og armband av.) Og så den gooode lukta frå skomakarverkstaden til Berland, den heng i enno. Men kanskje aller viktigast for ungane: snopebutikken til Nilsanilsen i Tyssebakken som selde tyggis og drops enkeltvis, samt kandis på tråd! Og tyskarhølena på Tyssereinane var til skrekk og gru - og moro - med lommelykt på mørke haustkveldar - berre for dei store og modige ungane.

På 1960-talet – krinsendingar og nybygg


Hausten 1960 starta 16 elevar i 1.klasse i Tysse krins. Lærar er **Ada Skjelvik**. Dette er enno før Tysse krins vert utvida med elevar frå Steinsland og Sandvik krinsar. Her er elevane oppstilte på trappa ute, og gjennom vindauget ser ein den bratte innetrappa opp til klasserommet vårt i 2.etasje.



1.rad f.v. Evelyn Totland, Solfrid Vikøren, Anne Berit Rørstad, Torill Abotnes, 2.rad f.v. Iris Mariann Nordvik, Janne Mari Tveiterås, Karin Høysæter, Haldis Magdele Tysse; 3.rad f.v. Arne Fossås, Karl Bård Kollbotn, Arild Gåsdal; 4.rad f.v. Ole Johan Totland, Odd Norvald Nilsen, Per Ulland, Per Waage, Åsmund Tysse (delvis skjult).

Hausten 1962 vart skulen i Tyssevika lagt ned. Resten av tiåret vart bygget nytta som ekstra grendahus. Mellom anna hadde Tysse skulemusikklag øvingar der og det var blokkfløytekurs / aspirantkurs for 9-10-åringane. På den skuletomta ligg dagens kommunehus.

Tysse skule på Tyssereinane 1962



I praksis gjekk talet på skulekrinsar i Samnanger frå 11 til 4 i løpet av 1960-talet. For Tysse skulekrins betydde krinsendringa utviding og nybygg. På austsida av kommunen vart skulane i Grønsdal, på Tveit og Høysæter nedlagde og elevane flytta til Frøland. Tysse skule på Tyssereinane vart i utgangspunktet bygd som folkeskule for elevar i 1.-7. klasse i Tysse krins og som framhaldskule for Samnanger. Elevane i 4.-7. trinn frå Steinsland krins vart også overført til Tysse frå hausten 1962. Frå hausten 1966 vart alle elevane i 1.-3.trinn i den utvida krinsen, som då rakk frå Sævild og Utskot til Aldalen, flytta til Steinsland og 4.-7.trinn til Tysse. 1966 var starten på obligatorisk 9-åring folkeskule i Samnanger. Elevar og lærarar flytta altså frå Tyssevika til Tyssereinane hausten 1962.

Asbjørn Gloppestad var skulestyrar. Desse første åra hadde Anders Aadland fast 4. og 5.klassingane, og Gloppestad og Kristoffer Kvittingen hadde ansvaret for 6. og 7.klassingane. Asle Reigstad og Nils Høysæter underviste i engelsk. Elevane frå Frøland og Nordbygda kom også til Tysse for å ha engelsk. Solveig Tveit hadde forming med jentene, og me sydde gym-pose til gym-tøyet og forkle til skule- kjøkkentimane. Inger Sævidd hadde ei stø hand om heimkunnskapen - eller koken - på det fine kjøkkenet.

Berre to årskull i Tyssekrinsen fekk faktisk ha heile folkeskuletida si ved den nye skulen. Det var dei som begynte i 1.klasse hausten 1962 og 1963. Frå hausten 1966 måtte elevane i 1.-3.årssteg frå Tysse gå på Steinsland skule. Då var Tysse /Steinsland - og Sandvik - ein krins både administrativt og i praksis for elevane.



2.klasse ved Tysse skule 1963/64

1.rad f.v. Magnar Solberg, Willy Skulstad, Marta Holmefjord, Arve Hæreide.

2.rad f.v. Kari Knutsen, Hildegunn Hoseth, lærar Karen-Margrethe Ingebrigtsen, Astrid Larsen, Liv Langhelle.

I 1998 var Tysse skule som administrativ eining historie. Alle elevane på barnesteget på austsida av Samnanger, frå Tysse/Steinsland og Frøland krins, flytta då inn på nybygde Gjerde skule. Bygningane «Tysseskulen» huser Samnanger ungdomsskule.

Referansar /kjelder:

- *Samnanger og Samnanger II* av Nils Lauvskard
- *Interkommunalt arkiv – Hordaland* - om Tøsse / Tysse skule
- Intervju med Konny G. Hæreide og Nils Svein Røsseland
- Samtaler med Johannes L. Tysse og Ada L. Haugen.
- Bilete av lærarane i Samnanger 1953, *Samnanger II*

Takk for hjelpa vedkomande elev-/klassebilete til: Birgit Høysæter, Solveig Eriksen Fanebust, Elin Tveiterås Kristiansen, Ove Grønlien, Kari Knutsen Grønlien.

Enkja Gitte

av Karin Høysæter Steinsland



*Du gjenta so straalande fager og gjev,
Her kan du gjøima dei smaating du hev,
Syljor og ringar og kjerleiks brev,
Eg gjøimer so ingen fær vita ein snev.*

Johannes K. Gjerde (1877-1919) skreiv dette vakre diktet på eit lite rosemåla skrin han laga. Unge Birgitte Magdalena Steinsland (1882-1970) fekk skrinet av Johannes. Full av pågangsmot var han nok då dei gifta seg i 1907. Saman skulle dei to få 9 born, 3 jenter og 6 gutar i løpet av 12 år. Det var sikkert strevsame år både for mann og kone. Slik var det ofte på den tida på eit småbruk. Mannen var ute på anleggsarbeid medan kona styrte heime med borna og dyra.

Så kom «Spanskesykja» til bygds – og tragedien råka familien; Johannes døde 26. januar 1919. Legen, som kom til gards 2 dagar etter dødsfallet, skreiv lungebetendelse på dødsattesten. I 1919 stod ingen lege eller ambulanse klar i Samnanger.

Samnangersamfunnet var ikkje av dei hardast råka av spanskesykja. Kyrkjebøkene seier at 9 personar døde som følge av epidemien her, medan 15.000 vart registrerte på landsbasis. Lege var ikkje på plass før opp til fire dagar etter eit dødsfall, så kva som var dødsårsaka kunne vera heller uvisst.

Gitte vart enkje. Med åtte born rundt seg - og ein i magen - følgde ho mannen til grava. For henne vart følgjene av «Spanskesykja» omgripande. I tillegg til sorga kom den økonomisk byrda. Gitte fekk verkeleg kjenna på kva eit strevsamt liv tyder. Ho og borna var nokre arbeidsjern, og dei eldste hjelpste dei yngste. Ho fekk også mykje hjelp av foreldra. Plikta til å stilla opp for sine var djup og viktig for hundre år sidan. Gitte måtte likevel ta fleire vanskelege val og avgjerder som mor, enkje og eineforsørgjar opp gjennom 1920 og -30-åra. To av borna måtte ho senda frå seg. I 1924 var det bygd ny skule på Steinsland, og Gitte fekk seg arbeid der. Ho vaska og fyra i omnen før skuletid – og fekk slik litt fast inntekt!

Gitte var ei av mange i statistikken over dei som fekk merka følgjene av ein epidemi.

Ein kvardagshistorie frå "dei harde trettiåra" på Tysse

av Liv Røsseland e. Torolf Solvang



Samuel og Ingeborg Solvang.

Far min, Samuel Solvang (1903-1974) var skreddar. Til liks med dei fleste andre fekk han merka dei vanskelege kåra på Tysse i mellomkrigsåra. Etter ullvarefabrikken brann ned i 1931 var det stor arbeidsløyse.

Det nærma seg jul og far hadde fått sydd ferdig ein dress som var klar til levering. Kunden kom for å henta dressen, men stort var vonbrotet då det synt seg at han ikkje hadde pengar å betala med. Han fortalde far at dei hadde ikkje fått løn til jul på anlegget han arbeidde. Far lèt han likevel ta med seg dressen med lovnad om betaling når han fekk løn.

Denne kunden var ein av dei heldige som hadde arbeid, og han kom med betalinga rett etter nyttår slik han hadde lova. Det var vel og bra, men korleis skulle me få noko å leva av i jula? Mor mi, Ingeborg, var fortvila. Ho hadde meir enn éin gong handla på «krita» hos kjøpmannen, Solberg. No ville ho ikkje meir. Ho skreiv ei liste med det me hadde mest trong for til julehelga, og sende far min på butikken. Me budde like ved butikken, i Vetleboligen; mor, far og fem ungar. Solberg tok vel imot far, og lèt han handla det som stod på lista. Då han var ferdig, fekk far i gåve ein stor pose appelsinar med heim til oss borna. Til stor glede for små og store i heimen.

Det ordna seg denne gongen også, og når far fekk betalinga for dressen, kunne han betala på butikken. Dette var ei av historiene far fortalde oss borna mange gongar.

Lysingar

Autorisert bilverkstad

- Service, vedlikehald og reparasjonar
- EU-kontroll
- Mekanisk arbeid
- Dekk, delar og oljeskift



Haukanesv. 91, Årland. Tlf. 911 43 88 - epost: apexauto@automester.no



VedHuset i Samnanger

God tørr ved i liten og stor sekk, fleire sortar.

Utfører også skogrydding. Transport med liten lastebil/varebil, samt graving med liten minigravar. Kan òg utføre andre mindre tenester/anleggsoppdrag. Utleige av stillas.

Ring 47 44 86 12, Ingo Eigedom AS

Gjer som 4 av 5 samningar – abonnér på

samningen

Teikn abonnement på www.samningen.no eller ring 56 58 77 05



Forstøtningsmurar
Trapper - Grunnmurar

Thomas Eikeland

5650 Tysse

Tlf. 56 58 64 27 / 909 80 599

E-post: tomas.eikeland@gmail.com

Utleige av
systemforskaling

Sentral
godkjenning

(rJ) KB service

Sløyser, skottrenner, lak- og veggbeslag

Det klippes og bukkes etter standard eller oppgitt mål

okib.service@okibservice.no

<http://www.okibservice.no>

Sævellve en 44, Gåsda l, 5650 Tysse Tlf. 56586387 Mob. 997 14894



Velkommen til Sparbutikken på Bjørkheim!

Vi byr på deilig helgemat og velfylte varmeskap.

SPAR BJØR HEIM tlf. 56 58 63 32 • 7-22(8-21) **ml!**



YSSELAND SMED & MEK. VERKSTED

Reparasjon av mekanisk utstyr og
brøyteutstyr - Sveising - Smijern:
portar, rekkverk, pyntegjenstandar -
Gjerdestolpar - Sal av snøfresar

5652 Ådand

480 08 815 56 58 76 40

KIWI mInI pris



- kjøkken direkte frå fabrikk
Tlf. 56 58 90 40
www.faginnredning.no



Samnanger Fysikalske Institutt tel: 56 58 91 09

- Fysioterapeut Geir Næss spesialist i manuell terapi
- Rekvisisjon/henvisning fra lege ikke nødvendig
- Ved oppnådd frikort ingen egenandel
- Henviser til røntgen, CT og MR
- Sykemeldingsrett

Dag- og kveldsåpent — **For timebestilling ring 56 58 91 09**



Arna
GRAVFERDSBYRÅ

Vi kan hjelpe til med
rådgivning og tilrettelegging
ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 55 24 08 08
www.arnagravferd.no
Lakslia 14 • 5261 Indre Arna



Best Bjørkheim
Solheim Autoservice AS
56 58 90 00

**Ønsker du ein annonse
i neste årbok?**

Kontakt oss: Tlf. 934 24 361
E-post: solvaar12@gmail.com

Safa

Safa har ullklær til hele
fan1ilien fra topp til tå!

Bj kheim

KRO & MOTELL AS

Tlf: 56 58 77 40

pos t@bjo rkhe i m.no

n

<@line/si

D p, fest, bryllup og sorgbind eri

Haga, 5650 Tysse,

56 58 79 00 / 91 81 27 22

Tirs - fre 12 - 18 lør 10 - 14

E-post : best illing. olines@gmail.com

Samnanger Taxi

Tlf: 56 58 88 66

Mob. 470 26 289

KAMILLE FRITID AS

Sport. leikar,
gåver og garn

Tlf. 46 91 72 31

ELEKTRIKEREN I SAMNANGER OG FUSA

Vi utfører EI-installasjoner i alle typer bygg.

i utfc rer Et-In:sl all a sjaner i boliger, foretnir1sby9 09 indus tr fb y99.
Egen svåk.stromsavgdeling.

Service a...taler-/årskontroller p brannalalm og ncdl e

Servke .ivtf.llc-v/3r kontrollcr-og Et-sje kk p3 ille lypc r c lek tr il-ke in:stilli.li jo no t.

WYoW e iSmann.no ernstOeismann.no

ELEKTRO-ENTREPRENDR
Ernst Oeismann Efff as

TTT. 55:131730
Jod'dlllffoOl+ n.t.2. 15,1135 El ds'fa.1

EOLE/I Ar ELE><TthJllIK./JUN
EL-PROFFEN

www.elproHen.no